



SONGLAGET
BUL I OSLO • 1914



BONDEUNGDOMSLAGET
I OSLO



TEATERLAGET
I BONDEUNGDOMSLAGET • OSLO



ÅRSMELDINGAR SÆRLAG, NEMNDER OG RÅD

2020



INNHALD

SÆRLAG/NEMND	SIDE
Songlaget	3
Leikarringen	12
Teaterlaget	19
Idrottslaget	24
Målnemnda	42
Bondehytta	44
Røkleivhytta	45
Rådet	46

ÅRSMELDING FOR
SONGLAGET I BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO
2020



Frå bryllaupsmessa hjå Heimen Husfliden på Glasmagasinet 29. februar 2020.

Medlemstal

Totalt 29 betalende medlemmer inkludert dei i permisjon per 31.12.2020

4 bassar

10 sopranar

9 altar

5 tenorar

Tre av desse slutta i løpet av året, og det var to som ikkje rakk å melda seg inn.

Ti nye rakk ikkje å melda seg inn og er dermed ikkje inkluderte i talet over.

Det er òg éin æresmedlem i Songlaget, Vera Madsø, og éin heiderslagsmedlem i Bondeungdomslaget i Oslo, Nils Norman Iversen.

Dirigent

Mari Eckhoff Tveito var dirigent for koret i meldingsåret frå 1.1.2020 til 31.7.2020. Ho valde å slutta etter eige ønske. Førre covid-19-pandemien rakk Mari å dirigera koret på to arrangement. Dette var bryllaupsarrangement på Backe i Grensen 27.2.2020 og for Heimen Husfliden i Glasmagasinet 29.2.2020.

Vi vil takka Mari for den tida ho var hos oss i Songlaget, og for reisa vi har hatt saman i dei nesten to åra ho var fast dirigent hos oss. Vi ønskjer Mari lykke til vidare.

Knut Kristian «KK» Mohn vart tilsett som mellombels dirigent for haustsemesteret frå 27.8.2020 til 31.12.2020, og frå 1.1.2021 som fast dirigent for Songlaget. «KK» har utdanninga si frå Musikkonservatoriet i Trondheim, Noregs Musikkhøgskole og Operahøgskolen i Oslo. I tillegg til Songlaget er han dirigent for Birkelunden Mannskor, damekoret Sangforeningen og Telenors bedriftskor. «KK» hjelper godt på både stemmer og stemning, og vi ser fram til tider med regelbundne øvingar og terping i lag med han. Vi ønskjer «KK» velkomen til oss.

Styret

Årsmøtet 20.2.2020 valde dette styret:

Leiar: Karianne Johansen

Nestleiar: Ole Johan Hildre

Skrivar: Hilde Løwe

Kassastyrar: Kari K. Mostraum

Styremedlem: Audun Åby

Varamedlem: Gunhild Skrøvseth

Varamedlem: Marit Buset

Varamedlem: ikkje vald

Styret konstituerte seg på det første styremøtet 4. mars 2020.

Det har vore eit spesielt og til tider veldig arbeidskrevjande år for styret. Styret har hatt 14 ordinære styremøte i meldingsåret. I tillegg har det vore til tider mykje kommunikasjon på Messenger og e-post mellom dei ordinære styremøta. Styret har hatt eit godt og konstruktivt samarbeid gjennom heile meldingsperioden.

Tre veker etter årsmøtet i Songlaget var gjennomført, stengde Noreg ned på grunn av covid19-pandemien. Dette var starten på eit ekstraordinært år, og pandemien er i skrivande stund på langt nær over. Våren 2020 bar preg av mykje uvisse, og styret måtte heile tida handtera informasjon frå både styresmaktene og frå lagskontoret og hovudstyret i Bondeungdomslaget. Forretningane til Bondeungdomslaget i Oslo er grunnlaget for inntektene til hovudlaget og aktiviteten i særлага, som Songlaget er eitt av. Forretningane vart og er framleis hardt råka av pandemien. Dette har òg hatt konsekvensar for budsjettet vårt slik at vi måtte stramma inn på dei aller fleste utgiftene. Når ting etter kvart byrja å opna gradvis på våren og forsommaren, stod koret i den situasjonen at dirigenten hadde

reist til Australia og på den måten var ute av stand til å gjennomføra ordinære øvingar. Vi prøvde å gjennomføra digitale øvingar, men interessa var ikkje så stor. Sidan alle arrangement etter 12.3.2020 vart avlyste, valde styret å avlysa resten av vårsemesteret.

På grunnlag av dirigentsituasjonen i koret vart det klart for styret at vi måtte starta arbeidet med å rekruttera ny dirigent. Sidan den økonomiske situasjonen til koret var såpass uavklart, valde styret å lya ut ei mellombels stilling for haustsemesteret. Store delar av sommaren gjekk med til denne arbeidskrevjande prosessen med svært mange kompetente søkjarar. I den avsluttande runden stod styret att med to kandidatar, Knut Kristian Mohn og Thea K. Fjeldstad. Etter prøvedirigering med koret og ein siste intervjurunde valde styret å tilsetja Knut Kristian Mohn.

Styret var uroleg og spent på om vi hadde eit kor etter vårsemesteret, som vart avlyst, og sommarferien, men hausten bar preg av mykje engasjement og ein ny giv. Vi var trygge på at valet av dirigent var rett. Eit medlemsmøte stadfesta dette, og både styret og dirigenten sjølv ønskte at han skulle halda fram. Dermed vart Knut Kristian Mohn den faste dirigenten vår frå 1.1.2021.

Sjølv om hausten starta godt, og vi var i full gang med å førebu julekonsertane, vart det nedstenging att i Oslo kommune frå 5.11.2020 (på grunn av ny smittebølge). På grunnlag av dette vart alle offentlege arrangement avlyste, og julekonsertane våre måtte dessverre òg avlysast.

Styret arrangerte ei enkel juleavslutning utandørs på Nedre Blindern gard hos Nils Norman Iversen. Det vart servert gløgg og risgrynsgraut, og alle smittevernsreglar vart haldne. Det vart ei hyggjeleg, våt og rørande avslutning på dette merkelege året.

Songlaget vil takka for all hjelp og oppfølging frå hovudstyret og lagskontoret i 2020.

Ymse ombod og nemnder Stemmeførarar

Sopran: Kari Rysst Seemann og Gunvor Skiftun (vara)

Alt: Anna Tori Aas Bjerkestrand og Kerstin Hellberg (vara)

Tenor: Audun Åby og Olav-Johan Øye (vara)

Bass: Erik Kokkin og Marius Bakkehaug (vara)

Blestnemnd: Ingrid Lamark, Kikki Aardalsbakke og Olav-Johan Øye

Festnemnd: Sigrid Bjørneng Sagen, Ingrid Lamark og Asbjørn Gjerde Lund

Kaffinemnd: Rullerer mellom stemmegruppene

Programnemnd: Magne Tangen Eliassen, Elisabeth Hagen, Ragna Betten og Kari Rysst Seemann

Målnemnd: Olav-Johan Øye og Håvard Tangen

Noteforvaltar: Anna Tori Aas Bjerkestrand og Kerstin Hellberg (vara)

Ryddnemnd: Alle tek ansvar og hjelper til med å rydda.

Utmerkingar

Årsmøtet i Bondeungdomslaget i Oslo utnemnde 17. juni 2020 Nils Norman Iversen til heiderslagsmedlem.

Seminar

30.10.–1.11.2020: Haustseminar på Nynorskens hus / Teatersalen.

Medlemsmøte

Det vart halde årsmøte 20. februar 2020.

SOL-timen vart halden 8. oktober. Emna var økonomien under covid-19-pandemien, synspunkt på val av ny dirigent, profil på koret og kor viktig og grunnleggjande den nynorske språkprofilen er for koret. Det vart òg diskutert kva slags ambisjonar koret bør ha, og at vi alle må ta i eit tak på øvingane.

Festar

Årsfesten 2020 for Songlaget vart halden på Grünerløkka grendehus i Korsgata 16.

Sommarfesten var 25. juni. Sjå meir omtale under festnemnda.

Generelt om arbeidet i nemndene

Blestnemnda

2020 vart eit utfordrande år for rekruttering og blest. Likevel har det kome til nye medlemmer. Det er godt. Avlyste arrangement har skapt lite å skriva om eller ta bilete frå. Det har vore forsøk på ei ny line på «SOME» (= sosiale medium, dvs. Facebook og Instagram).

Kort sagt om aktivitetane i år: Facebook-sida er oppdatert, og i nokon grad har det vore lagt ut postar for å aktivisera dei som følgjer sida. Nokre nye følgjarar er komne til her. Det er per i dag 412 som følgjer Songlaget på Facebook. Lagsstyret har annonsert etter nye medlemmer med tanke på prøvesynging. Blestnemnda har gjeve råd om korleis dette kan gjerast.

Instagram har lenge vore lite i bruk. Det er helst yngre menneske som brukar Instagram. Det er ønskjeleg at Songlaget tiltrekkjer seg yngre songarar, så i år har vi prøvt å vera noko meir

aktive her òg. I februar 2021 har vi 126 følgjarar på Instagram. Det har ikkje vore annonseringar ut over rekruttering av nye songarar, og det har korkje vorte sett opp arrangement på sosiale medium eller på nettsidene i 2020. Blestnemnda har hatt eit godt samarbeid med dirigenten om innlegg på sosiale medium.

Heimesida til Songlaget skal oppdaterast. Dette arbeidet har starta så smått. Innspelningane som ligg på Spotify, er gamle. Juleplata er mest brukt når ein ser på tala, men plata er likevel lite nytta. Til jul la vi ut lenkjer til songar og omtale av juleplata. Vi ønskjer oss nye innspelningar.

Blestnemnda har lagt fram for styret ei skisse til kva som kan gjerast for å marknadsføra Songlaget, og vi ønskjer å føra vidare dette i 2021. Styret har utforma ein plan ut frå denne skissa. Nemnda meiner det er nyttig at planen vert gjord kjend for alle medlemene, slik at det i større grad vert eit felles lyft å visa fram Songlaget. Vi lever i vona om betre føresetnader for å møte publikum og få meir liv rundt Songlaget i 2021.

Festnemnda

Det vart halde årsfest for Songlaget på Grünerløkka grendehus fredag 21. februar. Dette vart arrangert av den førre festnemnda (Ole Johan Hildre, Sigrid Bjørneng Sagen og Jorun Gulbrandsen). Anne Grethe Hoff ble takka av, og fekk overrekt ei avskjedsgåve etter lang og tro tjeneste for koret på årsfesten.

Vi møttest i festleg lag i trivelege lokale. Det var 19 påmelde, og vi fekk servert tapas frå Mela Café med eit rikt utval av både vegetar- og kjøttretter. Det vart servert kaffi og kaker etterpå, og vi vil retta ei stor takk til dei som tok med kaker til desserten.

Det vart òg arrangert ein sommarfest 25. juni. Denne festen vart halden heime hjå Asbjørn, der koret fekk nytta den store takterassen på fellesområdet. Ingrid blanda ein velkomstdrink, Åsta Bjerkestrand laga ein felles salat, og Asbjørn tok seg av oppdekking og varm grill. Så tok deltakarane med eigen grillmat og drikke. Det var omtrent 20 deltakarar.

Sigrid som òg var med i festnemnda, flytta og vart mor i 2020. Ho gjekk dermed ut av både festnemnda og Songlaget.



Lystig lag på takterrassen heime hjå Asbjørn.

Målnemnda

Dei som sit i målnemnda, er Olav-Johan Øye og Håvard Tangen. Nemnda har hjelpt til med nokre få småoppdrag, t.d. språkvask av interne dokument for styret og ein faldar som skal gå ut til nye medlemmer i Songlaget. Medlemene i nemnda tek gjerne på seg fleire oppdrag om nokon spør. Krefter i målnemnda har lang røynsle med å lesa korrektur på nynorsk.

Noteforvaltar

Det var ingen store aktivitetar i 2020. Vi rakk ei korøving føre nedstenginga i mars. Arkiveringsarbeidet som starta året før, har ikkje kome vidare.

Ved oppstart av korøvingane hausten 2020 var det eit strengt regime på utdeling av notar grunna smittevernet. Koristane skulle i utgangspunktet syta for eigne notar, men dei kunne tinga kopiar frå noteforvaltaren dersom dei trong det. Semestermappa på Dropbox vart halden oppdatert med det som var av relevante notar og lydfiler. Det har ikkje vore aktivitet etter den nye nedstenginga i november 2020.

Programnemnda

Programnemnda hadde det første møtet sitt 14. mai 2020, og då hadde vi ei uhøgtideleg idémyldring. Vi møttest på nytt 28. mai. Det var eit godt møte med diskusjon om juleprogrammet for 2020, våren 2021 og 17. mai 2021.

Det viktigaste for oss var å laga eit godt program for julekonsertane 2020, men alt var veldig usikkert, både med tanke på covid-19-pandemien og det at dirigentspørsmålet ikkje var heilt løyst.

Hausten 2020 hadde vi den første korøvinga med ny dirigent Knut Kristian Mohn. 10. september hadde programnemnda det første møtet med dirigenten, og vi diskuterte programmet for julekonsertane 12. og 13. desember. Vi hadde planlagt å leiga inn ein pianist, og det var gjort vedtak om å halda konsertane i Teatersalen i Nynorskens hus. Begge konsertane vart dessverre avlyste på grunn av nye covid-19-restriksjonar som kom i november.

Programmet for julekonsertane vart klart føre seminarhelga til koret 31. oktober og 1. november.

Vi har hatt eit godt samarbeid med den nye dirigenten vår.



Plakaten som var laga til julekonsertane vi skulle hatt i desember. Konsertane vart avlyste.

Valnemnda

I valnemnda sat Anna Tori Aas Bjerkestrand, Elisabeth Hagen og Karianne Johansen. Vi starta opp arbeidet i januar 2020 og hadde eit godt og konstruktivt samarbeid. Koret har i tillegg til styret mange nemnder som skal fyllast opp. Det var ei vanskeleg oppgåve å finna folk til alle plassane ut frå medlemstalet i Songlaget. Vi fekk levert ei forsvarleg innstilling på årsmøtet endå om ho ikkje var heilt komplett.

Konsertar og oppdrag

Torsdag 27. februar 2020 hadde songlaget eit songoppdrag hos Backe i Grensen, der vi song bruremarsjar for komande brurepar i butikken.

Vi hadde òg eit songoppdrag for Heimen Husfliden på Glasmagasinet i samband med ein bryllaupskveld der 29. februar 2020. Vi gjekk syngjande gjennom butikkane og song i to omgangar i slutta selskap for komande brurepar.

Det vart ikkje halde nokon konsertar eller andre songaktivitetar med koret etter 15. mars 2020 på grunn av restriksjonar knytte til den pågåande covid-19-pandemien.



Koronavirus fritt tolka av Audun Åby

Repertoarliste 2020/2021

Amen Jesus Han skal råde – H.A. Brorson / Folketone frå Rennebu (Per Brattset). Arr. Henning Sommerro

Auge i vind – Jon Fosse / Liv Ulvik. Skriven til Songlaget ved Fossejubileet i 2019

Brudemarsj frå Østerdalen – Norsk folketone. Arr. Per Indrehus

Bruremarsj fra Lødingen – Halvdan Sivertsen / Norsk folketone. Arr. Erlend Fagertun

Bånsull fra Telemark / Vuggetrall fra Østfold – Norsk folketone. Arr. Liv Ulvik

Cantique de Jean Racine – Jean Racine / Gabriel Fauré. Arr. John Rutter

Carol of the Bells – Peter J. Wilhousky / Mykola Leontovitsj. Arr. Peter J. Wilhousky
Cradle Hymn – Isaac Watts / Kim André Arnesen
Den fyrste song – Per Sivle / Lars Sjøraas d.e.
Det hev ei rose sprunge – Friedrich Layriz / Tysk folketone. Nynorsk: Peter Hognestad
Det lyser i stille grender – Jakob Sande / Lars Sjøraas d.y. Arr. Magne H. Draagen
Fager er jordi – B.S. Ingemann / Tysk folketone. Nynorsk: Gunnar T. Rysstad
I denne søte juletid – H.A. Brorson / Trad. melodi. Arr. Mari E. Tveito
I ein dyster vinter (In the Bleak Mid-Winter) – Christina Rossetti / Gustav Holst. Nynorsk:
Magne Tangen Eliassen
Irish Blessing – Irsk folkesong. Arr. James E. Moore
Jul, jul, strålande jul – Gustaf Nordqvist / Edvard Evers
Julvisa – Zacharias Topelius / Jean Sibelius
Kling no klokka! Ring og lokka – Elias Blix / Norsk folketone etter ein tysk tone frå kring 1700
Litle fuglen – Norsk folketone. Arr. Henrik Ødegaard
Sang til Juletræet – Johan Krohn / Edvard Grieg. Arr. Marius Skjølaas
Vårsøg – Hans Hyldbakk / Henning Sommerro

Oslo, 4. februar 2021

Karianne Johansen

Ole Johan Hildre

Hilde Løwe

Kari K. Mostraum

Audun Åby

Marit Buset

Gunhild Skrøvseth

ÅRSMELDING 2020 FOR LEIKARRINGEN I BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO

1. Melding frå styret i Leikarringen

1.1 Styret i Leikarringen 2020

Leiar:	Audun Grüner-Hegge
Nestleiar:	Solveig Brekke Hauknes
Styremedlem:	Aleksander Breiby Herseth (skrivar)
Styremedlem:	Simon Hesselberg Løvald (pengestyrar)
1. varamedlem:	Gyda Gaarder Tøraasen
2. varamedlem:	Synnøve Bryde

1.2 Årsmøtet

Årsmøtet vart halde i Lagsrommet tysdag 25. februar 2020. 14 personar deltok på møtet, der alle var røysteføre medlemer av Leikarringen.

1.3 Styrearbeid

Styret møttest til fyrste styremøte etter årsmøtet 17. mars 2020. Styret har hatt 6 styremøte i 2020, nokre fysiske men flest digitale møte. Elles har styret kommunisert kontinuerleg via e-post, Facebook og møte i høve øvingar og annan aktivitet. Den viktigaste jobben ved styrearbeidet er framleis hyppige møte med medlemene og tilrettelegging for tysdagsøvingane. I 2020 fekk styret også servert ei ekstra utfordring med koronapandemien. Styret har prøvd å gjere det beste ut av situasjonen, men synes naturleg nok at 2020 har vore eit ekstra utfordrande år både med tanke på rekruttering, kreativitet og motivasjon for å halde aktiviteten i gong i slike usikre tider.

1.4 Informasjon

Styret har i hovudsak kommunisert med medlemer og andre interesserte gjennom Facebooksida vår (facebook.com/Leikarringen), Facebook-gruppa (Leikarringen <3) og Instagram-profilen (instagram.com/leikarringen), men også via Leikarringen si heimeside (leikarringen.bul.no) og noko på e-post.

Medlemssystemet Styreweb vert brukt av heile laget og har for Leikarringen letta arbeidet med å ha oversyn med medlemene, og letta kommunikasjon i nokre høve.

1.5 Heiderslagsfolk

Det har i 2020 ikkje vore utnemnd nye heiderslagsmedlemer i Leikarringen, men vi er stolte over at Edvard Lauen, tidlegare leiar i Leikarringen og noverande medlem, i 2020 vart utnemnt som heiderslagsmedlem i hovudlaget vårt BUL Oslo.

1.6 Heidersmerke

Styret har ikkje delt ut heidersmerke i 2020.

1.7 Medlemstal

Her syner medlemstal ved utgangen av året for 2020 og statistikk for dei siste åra.

2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008
122 (+ 21 under 18 år)	124 (+ 16 under 18 år)	116 (+12 barn)	104 (betal- ande)	114*	112	98	104	110	102	111	118	139

1.8 Ombod frå Leikarringen

Bunadnemnda:

Sigrid Kjøbli

Anne Cathrine Johansen

Åse Wethal Holen

Valnemnda:

Anbjørg Myhra Bergwitz

Henrik Kamphus

Torbjørn Bergwitz Lauen

Rådet i Leikarringen:

Rune Hernes Bjerke

Anbjørg Myhra Bergwitz

Karianne Johansen

Lasse Pettersen

Anne Cathrine Johansen

1.9 Øvingar

Fysiske øvingar i Leikarringen (tysdagar)

Øvingane våren 2020 vart haldne i Teatersalen i Rosenkrantz gate 8, tysdagar kl. 19:30–21:30. Vi rakk å ha øvingar fram til og med 10. mars før COVID-19 stengte ned for all aktivitet. Etter sommaren fekk vi lov å starte opp øvingar innanfor gjeldande smittevernregler med god avstand og ellers strenge smitteverntiltak. Haustens øvingar vart også noko oppstykkja grunna smitteverntiltak, men vi fekk gjennomført fysiske øvingar fram til november.

Det har vore viktig for styret å tilby aktivitet gjennom året og pandemien, sjølv om vi ikkje kunne samlast på vanleg vis til pardans og ubegrensa tal deltakarar.

Vi har gjennom året nytta både våre eigne medlemmer samt eksterne som instruktørar, og hatt mange dyktige musikarar innoom øvingane våre. For vårens øvingar har vi vore mellom 20 og 38 personar på øvingane, med eit snitt på 27 stk. For haustens øvingar var det ikkje tillatt med meir enn 20 personar på kvar øving grunna smittevern.

Desse har vore **instruktørar** på dei fysiske tysdagsøvingane i 2020:

Marianne Dahl, Bente Syvertsen, Lene Magnussen, Jonny Haugen, Johanna Bruun Arnesen, Torbjørn Bergwitz Lauen, Thomas Nilssen, Svein Are Sirirud Vatnehol, Vegar Vårdal, Simon Hesselberg Løvald, Audun Grüner-Hegge og Jon Bugge Mariussen.

Desse har vore **musikarar** på dei fysiske tysdagsøvingane i 2020:

Jon Hjellum Brodal, Bjørn Kåre Odde, Hilde Fjerdingsøy, Elise Tegnér, Ingeborg Ulberg Sommer, Trygve Liahagen og Henrik Kamphus.

Tema for dei fysiske tysdagsøvingane har vore:

Oppstart med runddansar, danseteknikk, folkeswing, senjapols, polsdans frå Stangnes, Agder spesial med runddansar og turdansar, masurka, springdans frå Nordre Sunnmøre, velkomstøving med smittevernvenlege øvingar, danseteknikk og linedance, halling, menuett og linedance og songdans.

I tillegg til desse øvingane har **songdansgruppa** haldt fram med øvingstid frå 18.45-19.30 på tysdagar, før danseøvinga som starter direkte etterpå. Her har ei gruppe på ca. 10 personer møtt kvar gong, men det er rom for fleire. Det er i hovudsak Torbjørn Bergwitz Lauen som har hatt ansvar for denne gruppa. Øvingane for songdansgjengen vart også påverka av COVID-19 og har hatt øvingar når situasjonen har tillete det.

Digitale aktivitet

I periodane då koronapandemien har stengt for at vi kunne treffast fysisk til fritidsaktivitetar har vi i 2020 prøvd oss på eit par digitale nyvinningar. Vi har saman med dyktige og kreative Vegar Vårdal fått til totalt fire digitale alternativ til øvingar i Leikarringen i 2020.

Den fyrste digitale hendinga skjedde allereie 24. mars, knappe to veker etter den fyrste nedstenginga av samfunnet. Vegar ga oss ei fantastisk digital øving direktesendt på Facebook som vi kalla "Folket dansar online". Det var mange personar som fulgte strømminga og på det meste var vi oppe i 200 personar som fulgte med samtidig. Dette var stor stas.

Hausten 2020 ville vi legge til rette for meir opplæring av historie, sjangrar og områder innan folkedansen i landet. Då la vi opp til ei tredelt rekke med webinar kalla "Folkedansen i Noreg". Dei tre webinarar hadde undertitlane "Flatfeledistrikt", "Hardingfeledistrikt" og "Tidslinje". Det var Vegar Vårdal som stod for planlegging, innhald og gjennomføring av desse tre webinarar, i samarbeid med oss. Desse vart også strømma direkte på Facebook for å nå ut til flest mogleg. Vi er godt nøgde med å ha testa ut nokre ulike moglegheiter for digital danseaktivitet og er glade for all den gode responsen.

Avslutningar

Etter ein amputert vårsesong var det fint å kunne treffast fysisk til sommaravslutning 9. juni, utendørs i strålande sol i Frognerparken. Vi haldt god avstand og fekk mellom anna mange gode idear til aktivitetar vi kunne fylle framtidige øvingar med, både med og utan smitteverntiltak.

15. desember vart det for aller fyrste gong skipa ein digital juleavslutning. Det var kjekt å sjå mange gjennom skjermen og vi fekk også fylt kvelden med mange fine aktivitetar. Mellom anna fekk vi følge julebakst minutt for minutt, vi fekk høyre ei nylaga juleforteljing, det var quiz og vi mimra litt frå året som hadde gått. Sjølv om øvingane og den ordinære aktiviteten i 2020 ikkje vart heilt som normalt ser vi at det er viktig med sosiale treffpunkt slik som sommar- og juleavslutningar for samhaldet i laget.

Øvingar i BULder og Brak og TrøBUL

Øvingane våren og hausten 2020 vart haldne tysdagar i Teatersalen/Lagsrommet i Rosenkrantz gate 8. Vi har også haldt fram med øvingar med TrøBUL, vår eiga barnegruppe. Desse øver tysdagar kl. 17-18, medan BULder og Brak frå kl. 18-20. Øvingane til desse to gruppene har også vore påverka av restriksjonar og nedstenging knytt til COVID-19, men dei har i noko større grad kunne treffast enn dei ordinære tysdagsøvingane. Det har også vore arrangert online-øvingar for BULder og Brak over plattformen Zoom enkelte tysdagar.

Desse har vore instruktørar i BULder og Brak i 2020: Anita Vika Langødegård, Nikolaj Bo Fischer Nielsen, Jon Bugge Mariussen, Simon Hesselberg Løvald, og Audun Grüner-Hegge, Neri Bakkjen, Ulf Arne Johannesen og Håkon Odden.

Instruktør for TrøBUL har vore Ingeborg Solheim-Allen og Marta Lindvik for våren 2020 og Ingrid Skrindo for hausten 2020.

Søndans/stildansar:

Sjå eiga melding frå Søndansen i punkt. 3.

1.10 Framsyningar, sosialt og kurs

17. mai

17. mai vart også prega av COVID-19 med strenge restriksjonar. Men vi fekk til noko aktivitet likavel, både digitalt og i bybildet.

- I forkant av den store dagen hadde styret kledd seg opp i finstasen og spelt inn nokre videohelsingar som vart publisert både før og på sjølve nasjonaldagen.
- Sidan vi ikkje fekk samlast for å danse opp Karl Johans gate sendte vi kl. 09:15 eit gjensyn med dansen frå fjoråret som ein film på Facebooksida vår.
- I løpet av dagen la vi opp til at medlemmar kunne dele bilder og filmar med kvarandre i Facebook-gruppa vår for å vise korleis dei markerte dagen.
- I samband med Oslo kommune hadde BULder og brak spelt inn ein video der dei dansa halling gjennom Oslo sentrum. Denne vart publisert på Facebook og kommunens heimesider på nasjonaldagen.
- I tillegg hadde fleire dansarar frå BULder og brak fått i oppdrag av Oslo kommune å bidra med pop-up-dans nokre utvalde stader i byen. Dette vart eit populært innslag for dei heldige som fekk sjå hallingdansarane i aksjon.
- På ettermiddagen fekk bebuarar på Ensjøtunet besøk av dansarar frå eit par kohortar i Leikarringen, tradisjonen tru.
- For å avslutte dagen vart det også invitert til digital kviss på kvelden. her deltok kring 15 personar.

17. mai 2020 vart annleis, men trass situasjonen er vi godt nøgde med resultatet og set pris på at kommunen framleis ser verdien av samarbeidet med oss.

Kven Veit?

Leikarringen deltok i kunnskapstevlinga "Kven veit", ei intern tevling mellom lokallag i Noregs Ungdomslag. Hovudlaget stod som lokal tevlingsleiar. Tevlinga gjekk over tre kveldar, og eit vekslende tal medlemmer (om lag 5-10 pers kvar gong) deltok, fordelt på to lag. Dei to laga endte på ein 25. og 36. plass.

Sosiale aktivitetar

I mangel på danseøvingar, dansefestar og sosiale samkomer vart det teke fleire initiativ til å samlast utanom øvingstider i løpet av året. I juni vart det invitert til grilling på Kråkstad, i august vart det skipa hyttetur til Bondehytta og i desember vart det gjennomført fottur i marka.

Kurs

Leikarringen ynskja å støtte opp om og oppmode medlemer til å delta på kurs og kompetansehevande tiltak i endå større grad enn før, men grunna det spesielle året med lite kursaktivitet vart det berre gjeve ei kursstøtte i 2020. Leikarringen støtta Ånund Myhren si deltaking for instruktørkurs med fordjuping i pardans skipa av Noregs Ungdomslag i januar 2020.

Folkedanskveldar i BLS

Etter eit opphald med å vera arrangør for folkedanskveldar i BLS har Leikarringen i 2020 bidrege som arrangør ein sundagskveld, 20. september. Det har vore Gunnar Rogneflåten som har vore ansvarleg frå Leikarringen si side. Han fekk med seg tre andre personar i nemnda, både nye og gamle personar i Leikarring- og folkedanskveld-samanheng. Det var Bærum spelemannslag som var musikarar denne kvelden. Gunnar leia nokre musikkdansar og Torbjørn leia songdans. Dansen vart elles gjennomført med omsyn til smitteverntreglane.

Skogfinsk kulturkveld

Grunna koronanedstenging våren 2020 vart det skogfinsk kulturkveld (Peli poikki) i Teatersalen 24. oktober 2020. Leikarringen stilte med tre par i kvar si kohoort som dansa finnskogpols. Dette passa godt inn i programmet der det vart innlegg, diktopplesing, foredrag, song og musikk som hadde rot i det skogfinske. Ein full teatersal i smittevernsråda si anda, med god mat frå dei djupe skogar i aust.

GNIST-prisen

I oktober vart Leikarringen overraska på ei øving med overrekking av den gjeve Gnist-prisen. Dette er ein pris oppretta av FolkOrg og Gnistfonden for unge som går til eit lag som arbeider med opplæring i folkedans for barn og unge. Det var stor stas å motta prisen og ei kjekk anerkjenning å få for det arbeidet vi i Leikarringen legg ned. Ein stor takk til FolkOrg, Gnistfonden og til alle som legg til rette for og deltek på aktiviteten i laget.

I samband med utdelinga vart det også laga ein film av styremedlem i FolkOrg, Thor Hauknes, som vi anbefalar alle å sjå. Filmen finnast på Facebooksida vår, på YouTube og på nettsida vår.

BULder og Brak

I 2020 har BULder og Brak vore ei aktiv framsyningsgruppe. Gjennom året har gruppa hatt 2 betalte oppdrag og eit frivillig. Desse omfattar ei rekke mindre framsyningar i eit samarbeid med Riksscenen gjennom NRK-prosjektet Sangfoni, 17. mai framsyningar og ei videoinnspeling med Daniel Grindeland, ein breakdansar frå den norgeskjente gruppa "Absence Crew". BULder bidro til årets 17. mai-innslag på oppdrag frå Oslo kommune. I tillegg til å spele inn ein video i anledning feiringa gjorde dei også flere "pop-up" opptredener rundt om i Oslo for å spreie 17. mai-stemming til Oslos befolkning, trass dei gjeldande restriksjonane. BULder gjorde også ei framsyning på Riksscenen i samband med ei framsyning som skulle promotere unge talenter. Under kveldens tittel "KVA FRAMTIDA BYR PÅ FOR DEN SCENISKE FOLKEDANSEN: DRIV, VILDE WESTENG OG UNGE FOLKEDANSERE" opptrådte BULder saman med fleire andre unge lovande dansarar på scenen.

1.11 Utsendingar

Landsmøte i Noregs Ungdomslag - Anbjørg Myhra Bergwitz (i tillegg var Fredrik Hope påmeld, men måtte melde avbod)

Årsmøte i BLS - Olav Kårevik

1.12 Medlemer i Leikarringen med verv i andre sentrale posisjonar

- Torbjørn Bergwitz Lauen sit som leiar i Noregs Ungdomslag.
- Øystein Gammersvik sit som leiar, Klas Ekeland, Anne Cathrine Johansen, Rune Bergwitz og Astrid Skrindo sit som styremedlemer i styret for Bondehytta.
- Gunnvald Grønvik er styremedlem, Anne Cathrine Johansen sit som 1. varamedlem og Anbjørg Myhra Bergwitz som 2. varamedlem i styret i Bondeungdomslaget.
- Karianne Johansen i Rådet i Bondeungdomslaget, medan Olav Kårevik er 1. varamedlem
- Solveig Brekke Hauknes og Rita Sirirud Vatnehol er tilsett i Noregs Ungdomslag som rådgjevarar innan kultur (folkedans + teater og bunad)
- Rune Bergwitz er varamedlem i Styret i Norsk Barneblad
- Gunnvald Grønvik og Anne Cathrine Johansen er hhv. medlem og vara i Rådet i Norsk Barneblad
- Gunnvald Grønvik er i styret i Den mangfaldige scenen AS

Oslo, 18. februar 2021

For styret i Leikarringen,

Audun Grüner-Hegge (sign.)

2. Melding frå Rådet i Leikarringen

Rådet i Leikarringen har etter årsmøtet i Leikarringen i 2020 hatt denne samansetjinga:

Karianne Johansen, Anne Cathrine Johansen, Anbjørg Myhra Bergwitz, Lasse Pettersen og Rune H. Bjerke.

Rådet har ikkje hatt møte i løpet av 2020. Dei har hatt noko elektronisk kommunikasjon gjennom året. Eitt av temaene har vore framlegget som er lagt fram for årsmøtet om endra kriterium for val av medlemer til Rådet. Om ønskeleg kan Rådet gjere greie for drøftingane andsynes årsmøtet 2. mars.

Bærum, 16. februar 2021

For Rådet i Leikarringen

Rune Hernes Bjerke (sign.)

3. Melding frå Søndansen

I 2020 hadde Søndansen berre to samkomer før korona-restriksjonane kom i mars. Etter det har vi ikkje funne det formålstenleg å samlast. Vi vil ta opp att dansen så snart

vi kan, vonleg til hausten 2021. Vi samlast til vanleg tre timar om lag ein søndag i månaden. 25 medlemer har vore med på øvingane. Spelemann for gruppa er Hans Petter Holen og rettleiar Folke Flateland.

Vi dansar som før mykje kontradans og balldansar frå det norske tilfanget, vi arbeider med dansestil og set dansane inn i ein kulturhistorisk samanheng. Det er med stor glede vi også tar i bruk det nye dansetilfanget som er rekonstruert og publisert dei seinare åra. Fleire frå Søndans-gruppa har vore med å gjere dette materialet tilgjengeleg. Vi legg også vekt på det sosiale med ein god prat til kaffien.

Søndansen og arbeidet med kontradans i Leikarringen gjennom dei siste 40-50 åra har fått god plass i boka som Torun Riise har gitt ut. Boka med tittelen 'Dansen Musikken Gleden' kom ut hausten 2020 og omhandlar Bærum Balselskab og 20 andre historiske dansegrupper.

Det er tatt med eit par fine bilete frå 1977 då Ringen stilte med åtte nye drakter for gutane.

Søndansen er eit tilbod til dansarar i Leikarringen og BUL som vil danse meir enn dansen på tysdagane, eller som ikkje har høve til å vere med då. Det er triveleg om fleire finn vegen til Søndansen i Lagsrommet i Rosenkrantzgate.

Asker, 17. februar 2021

Folke Flateland

4. Melding frå Bunadnemnda 2020

Bunadnemnda var i meldingsåret samansett av Åse Wethal Holen, Sigrid Kjøbli og Anne Cathrine Johansen. Nemnda fekk i oppdrag av årsmøtet 2020 å lage eit oversyn over kva for bunader Leikarringen eig. Rett etter årsmøtet blei Noreg stengt ned på grunn av Covid 19, og smitteverntiltaka som har vore gjennom heile året har gjort at nemnda ikkje har hatt moglegheit til å møtast. Vi freistar å få til dette når smitteverntiltaka blir letta litt og det blir lettare å få tilgang til lagslokala.

For bunadnemnda, Oslo 17/2 2021

Anne Cathrine Johansen

Sak 2: Årsmelding 2020

1. Tillitsvalde i 2020

1.1 Styre

Etter årsmøtet i Teaterlaget i 2020 sat desse i styret:

Leiar: Endre Isachsen Flatmo (vald for eitt år)

Styremedlem: Lena Reksnes Sanne (vald for to år)

Styremedlem: Aila Eckhoff Sinober (ikkje på val)

Styremedlem: Maria Ellingsen Austbø (ikkje på val)

Styremedlem: Mari Elise Haugen (vald for to år)

Varamedlem: Henri Aasen (vald for eitt år)

Varamedlem: Frøydis Dahlø (vald for eitt år)

1.2 Valnemnd

Margrethe Kollerud Overskott, Vivian Brattsti Sørensen og Kjell Åsmund Sunde sat i valnemnda fram til årsmøtet i 2021.

1.3 Styrearbeid

Styret har hatt regelmessige møte i 2020, i tillegg til kontinuerleg elektronisk kontakt. Styrearbeidet har stort sett vore knytt til dei pågåande og kommande produksjonane, i tillegg til økonomisk og generell drift av Teaterlaget. I 2020 gjekk det også med mykje tid til å vurdere aktiviteten opp mot dei gjeldande smitteverntiltaka i lys av koronapandemien. Ein viktig del av arbeidet er å vere eit kommunikasjonsledd mellom instruktør og resten av Teaterlaget, og mellom lagskontoret og Teaterlaget.

2. Teaterlaget

2.1 Medlemstal og medlemskap

På slutten av 2020 hadde Teaterlaget 25 medlemmar.

2.2 Teaterlaget sin visjon

Teaterlaget ønsker å vere eit leiande, nynorskspråkleg amatørteaterlag i Oslo som er opent for alle, uavhengig av bakgrunn og erfaring.

2.3 Økonomi

Økonomien er i hovudsak knytt til Teaterlaget sine to årlege produksjonar. Produksjonane og den generelle drifta av Teaterlaget er finansierte av særlagsstønad frå Bondeungdomslaget i Oslo, medlemspengar, billettinntekter og ekstern stønad.

Etter ein høgst usikker økonomisk situasjon ved starten av sommaren grunna koronasituasjonen, gjekk laget likevel med overskot i 2020. Overskotet er i hovudsak på grunn

av OBOS-middel, som vi fekk som kompensasjon for tap av billettinntekter våren 2020, og at vi har hatt færre utgifter enn vanleg på hausten grunna lågare produksjonskostnader.

Teaterlaget blei innvilga 50.000,- i stønad frå Kulturrådet til vårproduksjonen. Desse midla måtte vi betale tilbake grunna avlysinga av framsyningane.

Det økonomiske målet for produksjonane skal vere å gå i balanse, eventuelt overskot eller underskot blir overført/dekt av eigenkapitalen.

3. Aktivitet i 2020

Teaterlaget sin aktivitet består til vanleg av to årlege produksjonar og det sceniske og praktiske arbeidet rundt desse. Kvart halvår (i mars/november) har Teaterlaget eit fellesmøte der alle kan komme med innspel til neste produksjon som styret kan ta med seg vidare i arbeidet sitt.

3.1. Vårproduksjon 2020: *Kon-Tiki 2: Thor Heyerdahl i landet under havet*

Regi: Knut Nærum
Manus: Knut Nærum
Premiere: 30. mai. (avlyst)
Framsyningar: (avlyst)
Omsetting til nynorsk: Maria Ellingsen Austbø og Henri Aasen

Våren 2020 skulle Teaterlaget sette opp *Kon-Tiki 2: Thor Heyerdahl i landet under havet* av Knut Nærum, med Nærum på regi. Teaterlaget blei delt opp i to sett.

Dessverre måtte vi avlyse øvingane frå mars av, og etter kvart blei vi einige om at vi også måtte avlyse framsyningane.

Skodespelarar:

Sett 1

Bengt Danielsson	Kjell Åsmund Sunde
Knut Haugland	Heidrun Sølva Øverby
Torstein Raaby	Lena Reksnes Sanne
Erik Hesselberg	Fredrik Elfstrand
Herman Watzinger	Maria Ellingsen Austbø
Thor Heyerdahl	Mari Elise Haugen
Amelia Earhart	Anita Topnesvåg Wergeland-Jensen
Kaptein Peligroso	Henri Aasen

Sett 2

Bengt Danielsson	Amalie Dalaker
Knut Haugland	Anne-Cathrine Johansen
Torstein Raaby	Heidi G. Einarsrud
Erik Hesselberg	Emil Stenstad

Herman Watzinger	Håvard Thorsby
Thor Heyerdahl	Aila Eckhoff Sinober
Amelia Earhart	Silje Dahl
Kaptein Peligroso	Vivian Brattsti Sørensen

Spanjolar (begge sett)

Endre Flatmo, Stine Fanny Berg, Kari Aniksdal, Torill Born, Siri Aamodt og Pia Berge

3.2 Haustproduksjon 2020: *Einaktar-prosjekt*

Frieriet

Regi: Kjell Åsmund Sunde

Manus: Anton Tsjekov

Omsetting: Helga Kolstad

Omsetting til nynorsk: Kjell Åsmund Sunde

Skodespelarar: Endre Isachsen Flatmo (Ivan Lomov), Heidrun Sølva Øverby (Natalia Stefanova) og Vivian Brattsti Sørensen (Stefana Stefanova)

Lys: Jøran Normann

Internframsyning: 26. oktober

Mystikk på badet

Regi: Christina Næss

Manus: Gertrude R. Jennings

Omsetting til dansk av: J. Kjærgård

Omsetting til norsk av: av Bjørn Asle Tollan

Skodespelarar: Henri Aasen (den unge mannen), Lena (den unge kvinnen og vaktmesteren), Terje Svindseth (den gamle herren), Amalie Dalaker (den eldre kvinnen) og Mari Elise Haugen (primadonnaen).

Lys: Jøran Normann

Internframsyning: 26. oktober

Kona mi går igjen

Regi: Håvard Thorsby

Manus: Noel Coward

Omsetting: Mimi Omdahl

Omsetting til nynorsk: Kjell Åsmund Sunde

Skodespelarar: Siri Aamodt (Edith), Heidi G. Einarsrud (Ruth), Fredrik (Charles), Anne-Cathrine Johansen (dr. Georgine Bradman), Kari Aniksdal (Violett Bradman), Emil Stenstad (Madame Arcati) og Silje Dahl (Elvira).

Lys: Jøran Normann

Internframsyning: 6. november

Teaterlaget starta med relativt normal øving igjen på hausten der vi også brukte Lagsrommet for å kunne dele opp i mindre grupper. Medlemmane i Teaterlaget kunne søke om å ha regi på einaktarar, og vi sette i gong med tre prosjekt.

I månedsskiftet oktober/november hadde vi interne framsyningar av alle tre prosjekta. Målet var å ha framsyningar for eit eksternt publikum i desember, men med dei strenge smitteverntiltaka på dåverande tidspunkt så blei ikkje dette noko av.

3.3 Annan aktivitet

Teaterlaget arrangerte ei felles sommaravslutning 15. juni.

Vi hadde planlagt helgekurs i skodespelarteknikk i mars med ekstern kurshaldar. Det blei umogleg å gjennomføre grunna smitteverntiltak. Vi utsette kurset til november, men det blei også avlyst av same grunn.

På landsmøtet i Noregs Ungdomslag 26. september deltok Endre Flatmo, Mari Elise Haugen og Marie Nicolaisen frå Teaterlaget.

Etter det blei klart at Teaterlaget ikkje kunne møtast fysisk frå november og ut året arrangerte vi digitale manuslesingar fleire måndagar i november og desember.

Teaterlaget hadde budsjettert med å sette i gang to investeringsprosjekt i 2020: Ei flytting og oppgradering av kostymelageret og innkjøp av nye lettveggar til scenografi. Begge prosjekta er sette på vent til vi kan nytte oss av Teatersalen som normalt.

4. Representasjonar og andre verv

4.1 Representasjonar

20. juni, Årsmøte i Det Norske Teatret: Endre Flatmo. I tillegg møtte Terje Svindseth, Håvard Thorsby og Anne Cathrine Johansen som utsendingar for Bondeungdomslaget i Oslo. Årsmøte blei gjennomført digitalt og fleire av delegatane til Teaterlaget hadde ikkje moglegheit til å delta etter dato blei flytta frå april til juni.

26. september, Landsmøte i Noregs Ungdomslag: Mari Elise Haugen, Endre Isachsen Flatmo og Marie Nicolaisen deltok på landsmøtet i Noregs Ungdomslag som utsendingar frå Bondeungdomslaget i Oslo.

4.2 Andre verv

- Terje Svindseth: Leiar i Bondeungdomslaget i Oslo og organisatorisk nestleiar i NU. Varamedlem i målpolitisk råd.
- Endre Flatmo: Valnemnda i BUL Oslo
- Fredrik Elfstrand: styremedlem i BUL Oslo
- Kari Aniksdal: 1. varamedlem til Rådet, BUL Oslo,

- Maria Ellingsen Austbø: styremedlem og vara til AU i Noregs Ungdomslag, styremedlem i Norsk Barneblad. Varamedlem i målpolitisk råd.
- Anne Cathrine Johansen: 1. varamedlem til styret i BUL Oslo, bunadnemnda, styremedlem i bondehytta, rådsmedlem i Leikarringen og varamedlem i rådet i Norsk barneblad.
- Marie Nicolaisen: Målnemnda og varamedlem i målpolitisk råd.

5. Takk

Teaterlaget ønsker å takke for eit godt samarbeid med Lagskontoret, og for all god hjelp. Takk til Studieforbundet Kultur og Tradisjon, Kulturrådet, OBOS og BUL Oslo for stønad til produksjonane i 2020.

Forslag til vedtak frå styret:

Årsmøtet tek årsmeldinga til orientering.

ÅRSMELDING 2020 FOR IDROTTSLAGET I BUL

Styret i IL 2020

Leiar:	Håvard Hasås
Nestleiar:	Pål Johannes Larsen
Medlem/ungdomsrepresentant:	Nadia Akpana Assa
Medlem:	Anne-May Thompson (ut av styret ved årsskiftet)
Medlem:	Samuel B Elonga
Varamedlem 1:	Ole-Petter Askim Vatne
Varamedlem 2:	Ellen Skarpen
Valnemnd:	Svein Erik Strand Tønnesen og Kristoffer Nilsen
Kontrollnemnd:	Thomas Arthur Bydal Jakobsen

Representasjon

Bislett Alliansen

Styret:	Anne Farseth og Ole Petter Askim Vatne
Kontrollutval:	Tormod Bønes

Oslo Friidrettskrets

Styret:	Hilde Osnes (nestleiar) og Magnus Kringstad (medlem og ungdomsansvarleg). Ut av styret når han ble ansatt i kretsen i 20% stilling i slutten av februar.
---------	---

NFIF

Anne Farseth (visepresident)

Lagsstyret i BUL

Julie Farseth Berg (nestleiar)

Utval Noregs Friidrettsforbund

Dommar og arrangementsutval

Terje Hoffmann (medlem)

Fondsstyret (NFIFs utøvarfond)

Terje Hoffmann (leiar)

Toppidretts- og talentutvikling

Anne Farseth (leiar)

Valkomitéen

Hilde Osnes (leiar)

Administrasjonen

Idrottslaget har, saman med resten av Bondeungdomslaget i Oslo, kontor i Rosenkrantz' gate 8. Administrasjonen har bestått av Eirik Tanberg som dagleg leiar og Simen Wifstad som administrasjons- og arrangementsansvarleg. Ulv Holmer blei, med verknad 1. september 2019, tilsett i ei 8 månadar lang prosjektstilling på 20 prosent for Sentrumsløpet. Frå mars ble resterande timar flytta over til hausten 2020, grunna flytting av Sentrumsløpet.

Ved utgangen av 2020 utgjer administrasjonen i Idrottslaget 2,20 årsverk.

Økonomi

Idrottslaget hadde i 2020 ei omsetning på 5 255 914 kroner og eit underskot på 45 827 kroner. Det var budsjettert med ei omsetning på 9 073 125 og eit overskot på 624 510. Men med bakgrunn i Covid-19 ble vår største inntektskjelde, ASICS Sentrumsløpet, avlyst. Vi søkte støtte i krisepakke 3 og fekk innvilga søknaden. Rekneskapen er avlagt under føresetnad om framleis drift.

Medlemsutvikling

IL i BUL hadde totalt 482 betalande medlemmer i 2020, ein liten oppgang frå 453 i 2019. Det er framleis stor pågang og ventelister til barnegruppene. Ved årsskiftet 20/21 var det omtrent 120 barn under 15 år på venteliste. Året 2020 har vore utfordrande med tanke på Covid-19, som også har gjort at vi har hatt færre inntak av nye medlemmer. Plassmangel på Bislett Stadion på vinterstid set ei avgrensing på kor mange deltakarar vi kan ha på trening og talet på treningsgrupper. Nye barn er tatt inn i dialog med trenarane.

Strategi

Klubben jobbar framleis med utvikling av yngre utøvarar. Klubben har fyldige juniorgrupper og spesielt på mellom- og langdistanse for gutar er det mange utøvarar som presterer godt på nasjonalt juniornivå.

Vi har ikkje oppnådd målsettinga om 6 gull i kvart senior-NM. Klubben har trua på at vi gjennom godt arbeid over nokre år framover, igjen vil auke talet på gull og medaljar generelt i senior-NM.

Idrottslaget vil fortsette å arbeide for å styrke Sentrumsløpet som arrangement og inntektskjelde. Klubben vil også arrangere andre arrangement, her spesielt friidrettskulen på Bislett Stadion i sommarferien og det årlege Julestemnet i Bærum Idrettspark.

Arrangement

- NM innandørs 2020
- ASICS Sentrumsløpet: Utsett frå 25. april til 10. oktober, for så å bli avlyst pga. Covid-19
- Oslo Bislett Games 11. juni: Alternativ form
- IL i BUL sin Friidrettsskule i vekene 26, 27, 32, 33
- Sommarskule i veke 30 i samarbeid med Frigg Fk og Oslo Tennisklubb
- IL i BUL sitt Julestemne 30. november: avlyst pga. Covid-19

NM Innandørs 2020

I samarbeid med Oslo Friidrettskrets og IK Tjalve arrangerte vi NM innandørs i starten av februar. Det blei ein suksess med 323 påmeldte utøvarar fordelt på 528 startar. NRK sendte direkte frå arrangementet 2 timar laurdag og søndag.

ASICS Sentrumsløpet

ASICS Sentrumsløpet skulle eigentleg vore arrangert 25. april for 40. gong. Det blei i fyrste omgang utsett til 10. oktober med tanke på smittesituasjonen i Noreg. Vi håpa at å flytte løpet til seinhausten ville gjere det mogleg å arrangere. Det viste seg dessverre at smittesituasjon ikkje var forbetra når vi kom til hausten og ASICS Sentrumsløpet 2020 blei avlyst. Vi søkte om kompensasjon for tapt inntekt i krisepakke 3.

Bislett Games

Oslo Bislett Games 2020 blei omdøypd til Impossible Games. Ingen publikum var tillate på Stadion. Bislett Alliansen laga ein tilpassa versjon innafor smittevernsreglane. Behovet for frivillige var ikkje like stort som tidlegare, men vi hadde ein gjeng som bidrog godt. Administrasjonen bidrog også med arbeidsinnsats den siste veka.

Friidrettsskulen

I 2020 opplevde friidrettsskulen ei markant auke, og påmeldingstala blei heile 219 totalt for dei fire vekene i juni, juli og august på Bislett Stadion. Julie Gaustad var igjen ansvarleg for arrangementet og gjorde ein veldig god jobb. Vi har hausta mykje skryt for opplegget.

Neste år skal vi arbeide for å oppretthalde høg påmelding, men er realistiske med tanke på kor mange påmeldte det blir. Målet vil vere 150 påmeldte barn totalt.

Sommarskule

Oslo Idrettskrets ønska at barn som måtte vere heime i sommar skulle få tilbod om diverse gratis aktivitetar. I samarbeid med Frigg FK og Oslo Tennisklubb laga vi eit opplegg der barn kunne prøve friidrett, fotball og tennis i veke 40. IL i BUL stilte med 9 trenarar og ansvarleg Magnus Kringstad. Det var 112 deltakarar.

Julestemne

Julestemnet blei dessverre avlyst grunna smittesituasjonen i november.

Trenarseminaret

Svein Erik Strand Tønnesen deltok på trenerseminaret til NFIF, 5.–6. desember.

Trenarkurs

Felix Christensen og Solveig Bustgård Gran fullførte kurset friidrett for barn i regi av NFIF våren 2020.

Friidrett

Styret i Idrottslaget har utnemnt eit sportsleg utval som saman med dagleg leiar er med på viktige diskusjonar og avgjerder for det sportslege arbeidet i klubben. Mykje av jobben blir gjort i samband med disponering av dei sportslege midlane i budsjettet på hausten, i tillegg til saker som har forfalle i løpet av året. Det er mellom anna gjort ein stor jobb for å sikre rettferdig fordeling av pengar mellom utøvarane. Utvalet sørger for at budsjett og inntekter er godt diskutert og aukar sannsynet for å treffe gode avgjerder.

Året 2020 blei mykje preget av Covid-19 og fleire konkurransar har blitt avlyst. Det har vore lite reiseverksemd utanfor Noregs grenser.

Medlemmer i Sportsleg utval i 2020:

Håvard Hasås, Eirik Tanberg, Simen Wifstad & Svein Erik Strand Tønnesen (frå august 2020)

NM inne – Bærum Idrettspark, 2.–3. februar

Klubben hadde 32 påmelde deltakarar i Bærum idrettspark denne helga.

Isabelle Pedersen vann gull på 60 meter hekk på tida 08,17 søndag.

UM inne – Bærum Idrettspark, 06.–08. mars

Heile 34 påmelde deltakarar fordelt på 56 enkeltstartar, representerte IL i BUL i UM innandørs.

Josefina Biernacki tok bronse på 60 meter hekk for J17 med tida 8,64.

Nicolas Baranyi Eriksen tok bronse på 60 meter hekk for G15 med tida 8,80.

Jonathan Holen sprang inn til bronse på 60 meter for G18/19 med tida 7,19.

Tobias Grønstad tok gull på 1500 meter med tida 4,03,52 i aldersgruppa G18/19. Han tok også gull på 800 meter for G18/19 med tida 1,53,08. I tillegg fekk han eit sølv på 400 meter G18/19, med tida 49,68.

Luca Thompson tok gull på 400 meter i aldersgruppa G20–22 på tida 50,51.

Simen Seeberg-Rommetveit sprang på tida 4,02,65 på 1500 meter i aldersgruppa G20–22, som heldt til ein 3. plass.

BUL sitt stafettlag for gutar 18–22 sprang inn til sølv på 4 x 200 meter med resultatet 1.30,96.

Jentelaget i klasse 18–22 sprang inn til 4. plass på sin 4 x 200 meter med tida 1,46,73.

I aldersgruppa for gutar 15–17 sprang BUL sitt lag inn til sølv på 4200 meter med tida 1,35,93.

Oslo Impossible Games, 11. juni

I eit annleis Bislett Games deltok Isabelle Pedersen på 200 meter hekk. Ho sprang på tida 28,11 og inn til 4. plass.

NM junior – Kristiansand, 14.–16. august

Klubben hadde totalt 29 startar og to påmelde stafettlag i junior NM i Kristiansand.

Leon Douglas var nære pallplass på 400 meter og sprang inn på 4. plass med tida 49,21.

Han og Luca Thompson kjempa godt på 800 meter og kom inn på høvesvis 4. plass og 5. plass med tidene 1,53,12 og 1,53,51.

På 1500 meter skulle Simon Steinshamn og Simen Seeberg-Rommetveit vere nære pallen, men hamna på høvesvis 4. plass og 5. plass med tidene 3,53,07 og 3,56,08.

BUL sitt stafettlag for gutar hamna også på 4. plass med tida 1,57,10.

Ungdomsmeisterskapet – Jessheim, 28.–30. august

IL i BUL hadde totalt 26 påmelde startar og tre stafettlag i UM på Jessheim.

Tora Greig Cappelen sprang inn på ein 4. plass på 800 meter for J15 med tida 2,22,11.

Sander Werge Nilsen var nære ein pallplass i tresteg for G17, men hamna til slutt på 4. plass med lengda 13,03.

BUL sitt stafettlag for G15–17 sprang inn til ein 5. plass med tida 2,07,46.

Hovudmeisterskapet – Bergen, 18.–20. september

Lene Retzius tok oppskriftsmessig gull på stav med høgda 3,80.

Markus Einan kjempa om ein pallplass og sprang godt, men enda til slutt på ein 4. plass på 800 meter med tida 1,49,56.

NM terreng lang løype – Skien, 11. oktober

Weldu Negash Gebretsadik sprang inn på tida 30:40 på 10 km, noko som heldt til ein 4. plass.

Hytteplanmila – Hole, 17. oktober

Weldu Negash Gebretsadik deltok på hytteplanmila og sprang på tida 29,24, som blei ein 9. plass.

Sportsleg oppsummering av året 2020

Sportsleg oppsummering av Mellom- og langdistanse - Trenar Svein Erik Strand Tønnessen

Mellom- og langdistanse for junior i BUL har haldt fram sin fine framgang i 2020. Grappa har fått fleire nye medlemmer og det har vore sterke resultat og god framgang blant dei eksisterande medlemmene. IL i BUL har dei siste åra satsa sterkt på framveksten av ei gruppe som no verkeleg byrjar å ta form, med over 15 aktive utøvarar i junioralder som er jamleg på fellestrening tre til fire gonger i uka.

Klubbens beste mellom- og langdistanseutøvarar har i 2020 levert fleire gode prestasjonar. Det blei ingen store internasjonale meisterskap så NM i Bergen blei på mange måtar sesongens store høgdepunkt og mål.

Markus Einan har sprunge offensivt og gjorde m.a. eit sterkt angrep på Jakob Ingebrigtsen under NM-finalen på 800 m i Bergen og fekk sluttida 1:49.56. Årsbeste for Markus Einan blei 1:48.34, 70 hundredelar bak sin personlege rekord frå 2018. Simon Steinshamn har hatt ein flott sesong og forbetra seg på alt frå 800 m til 10 km. Hans beste resultat er nok 3000 m på 8:03.64 og 10 km på 29:26. Under NM i Bergen vann han 5000 m B-heatet på 14:15.41.

Leon Douglas forbetra seg også på samlege distansar og leverte sterke tider som 48.95 på 400 m, 1:18.14 for 600 m og 1:51.11 for 800 m. Han sprang inn til fjerdeplass på både 400 og 800 m under JrNM i Kristiansand.

Simen Seeberg-Rommetveit var skada på veg inn i sesongen 2020, men fekk likevel med seg ein solid personleg rekord på 1500 m med tida 3:52.42. Roderick Duodu som deltok i EYOF i 2019 har dessverre slitt med skadar i 2020, men er i god opptrening og ser fram til å få ein god sesong i 2021.

Luca Thompson har også slitt med enkelte skadar i 2020, men deltok likevel på 800 m i Kristiansand under JrNM.

Tobias Grønstad har sprunge bra på fleire distansar, inkludert 600 m, 800 m og 1500 m med 1:18.65, 1:50.53 og 3:52.34 som er nye personlege rekordar. Han tok også gull på 800 m og 1500 m under UM-innandørs i Bærum. Tobias og Luca har valt å byte klubb til Tjalve før sesongen 2021. Det er elles fleire utøvarar som har sprunge bra og har hatt solid framgang i mellomdistansegruppa i 2020 og vi forventar fleire sterke resultat og utøvarar som tar krav til senior-NM i 2021.

Ved utgangen av 2020 er det også gledeleg å melde at utøvarar som Martin Mæle med 3:57.71 og 8:31.29 på 1500 m og 3000 m og Snorre Bonesmo med 49.20 på 400 m har meldt overgang til BUL.

Sportsleg oppsummering 2020 – Spydgruppa

Trenar: Åsmund Martinsen

Utøvarar: Dag Wergeland, Ruben Martinsen, Kasper Sagen (frå 1. nov)

Arianne Duarte Morais er tidvis med (studerer i USA)

Til tross for eit vanskeleg år for oss alle, har spydgruppa klart å oppretthalde god trening heile året. Ved lockdown i mars fekk både Dag og Ruben trent styrke heime og på grunn av godt og varmt vær, gjekk kastinga føre seg utandørs. Resten av sesongen kjem under.

Eg tar utøvarane kvar for seg:

- **Dag:** har slitt med mange skader dei siste åra, men har jobba tolmodig og godt. Viste god framgang og fekk kasta meir og meir i løpet av sommaren. Forsøkte seg på kravet til NM (58 m), men fekk dessverre ikkje til teknikken i det eine forsøket han fekk. Han blei ståande med 55,40 m, som er hans beste resultat sidan 2015. Det seier mykje om skadane hans dei siste åra. Starta opptreninga til ein ny sesong med fornøya optimisme og treningsiver. Var uheldig på nytt i starten av januar, då han under 40 m sprinttest pådrog seg total ruptur av Rectus Femoris. Er i gang med rehabilitering og er nok en gang klar for å kome tilbake.
- **Ruben:** starta året som både spydkastar og handballspiller. Har etter mars og Covid-19 satsa utelukkande på spyd. Trener veldig bra og viser stadig god framgang i friidrettsspesifikke eigenskapar som spenst, sprint og generell eksplosivitet. Starta sesongen bra med pers (57,24 m), men sleit litt med både teknikken og småproblem med kroppen utover sesongen. Det losna akkurat i tide til NM, då han rett før fristen fekk ny pers med 60,90 m. Litt sjukdom før NM øydela sjansen der, men han er svært motivert og trener hardt mot ein ny sesong. Vi tenker langsiktig og hovudmålet no er U23 i 2023 (krav 72 m).
- **Arianne:** Ho studerer i USA og har eigen trenar der. Eg tar ho med her då ho trener med oss når ho er i Noreg. I slutten av april fekk vi tilbake Arianne frå USA. Det viste seg dessverre at Arianne ikkje var så skadefri som eg trudde. Olbogen var framleis sår etter den store skaden i 2018. Vi fekk han vurdert på nytt med ulike tilbakemeldingar Ho fekk ikkje kasta noko konkurranse og reiste tilbake til USA i midten av august, der ho fortsette opptreningar. Ho rapporterer at det går betre no.
- **Kasper:** han kom inn i klubben 1. nov etter ei særdeles god avslutning på sesongen med NM-gull og ny pers på 79,90 m. Var litt uheldig på samling med Rekruttlandslaget og fekk ein ruptur i høgrefemur, men han var kjapt tilbake i full trening. Trener hardt og målbevisst, og det blir spennande å følgje han til sommaren.

Sportsleg oppsummering BUL Sprint/Hekk – Junior Satsingsgruppe. Trener Robin Ween Rustad

Kriterium: Utøver må sjølv vere motivert og ha eit gjennomtenkt ønskje om å satse på hekkeløp eller sidestille hekkeløping med sprint.

Utøvarane i gruppa trener minimum 6 friidrettsøktar pr. veke, og blir tett følgt opp av trener og klubb. Treninga er planmessig og periodisert, og det blir sett store krav til utøvarane.

Friidrettstreninga har høg prioritet for utøvarane i gruppa. Det føreset oppmøte på fellestrening, gjennomføring av eigentreningsprogram, deltaking på aktuelle stemner og samlingar. Dette for å vidareutvikle ein vinnande treningskultur, eit sosialt treningsmiljø, skape gode opplevingar og prestasjonsutvikling.

Utøvarane i gruppa har individuelt tilpassa treningsopplegg med heilskapleg og tett oppfølging.

Nivå: Jr./sr. NM kvalifiseringsnivå.

Målsetting: Finaleplass i nasjonale meisterskap, kvalifisering til internasjonale Jr. meisterskap.

Alder: Hovuddelen av gruppa skal bestå av utøvarar frå 17 og oppover.

Prestasjons- og samhandlingskulturen i gruppa

- Heilskapleg fokus. Livsstil, kost og restitusjon.
- Balanse knytt til totalitet (utdanning, jobb, venner, familie og anna), men konkurranseidrett har høg prioritet.
- Når vi trener saman, pushar vi kvarandre og ønskjer kvarandre utvikling, gode resultat og opplevingar. Når vi er gode saman, blir vi gode individuelt.
- Vi jobbar kontinuerleg med forbetring i gruppa (saman) og individuelt. Vi ser ikkje så mange avgrensingar, vi flyttar grenser.
- Vi har kunnskap om det vi driv med og er godt førebudd. Er trygge.
- Vi er villige til å jobbe hard for å få til det vi har som målsettingar.
- Utøvarane er i sentrum. Foreldre, leiarar og trenarar skal lytte til dei og dei skal involverast i gruppeutviklinga og individuelle prosessar.

Motto: Saman er vi gode!

Utøvarar:

Det var pr. 31.12.2020 4 utøvarar i gruppa i alderen 17–22 år (ein av desse på junior landslaget U20). Eg har i tillegg trent 3 yngre utøvarar frå klubben i hekk ei økt pr. veke når har vore høve til dette, gitt samfunnssituasjonen.

Alle utøvarane har hatt ei fin utvikling, men det har jo sjølvstilt blitt mindre konkurranseløp pga. samfunnssituasjonen.

Treningstider

4 fellesøktar i veka: måndag, onsdag, fredag og søndag + eigentrening styrke og spesifikke løp. Samt øktar på skule/NTG. Vi byggjer ei hensiktsmessig periodisering og treningsplan for kvar enkelt.

Sportsleg oppsummering – Trenarar Frode Hansen & Håvard Hasås

- På grunn av den spesielle situasjonen vi er i no har vi ikkje kunna ha fellestreningar over lang tid.
- Utøvarane har vore flinke til å møtast på eigenhand.
- Dei fleste konkurransar har vore avlyst.
- Vi har hatt deltakarar i hovud-NM og NM terrengløp.
- Delphine Poirot sprang 5000 m.
- Weldu Negash Gebretsadik sprang 5000 m og 10000 m.
- Dei sprang også NM terrengløp der dei også hadde med seg Lone Brochmann.

Sportsleg oppsummering av Running for Fun - Trenar Hassan Bouka

Året 2020 har dessverre vore mest prega av covid-19, og det meste har vore avlyst og stengt. Som vi alle veit har det ikkje blitt arrangert løp og konkurransar for mosjonistar.

Sportslege resultatet som var oppnådd på konkurranse er at fire frå gruppa deltok i Perseløpet på Jessheim. Desse er Nils Ipsen, Jon Beldo, Kristine Valhold og Maja Lindgren. Alle sette nye personlege rekordar. Nils var nede på 2:45:09, Jon sprang sitt første maratonløp og fekk 2:57, Kristine klarte endeleg å kome seg under tre timar etter mange forsøk: 2:58. Maja, ny i gruppa og sitt første maratonløp, fekk tida 3:18, som ho er veldig fornøgd med. Maja har også persa på 10 km og halvmaraton.

Siri, Jenny, John og Anilton sprang Kvalheimmila på Bislet. Alle sprang greitt, men ikkje spesielt fort. Nokre andre sprang litt små løp her og der, men det er ikkje stort å rapportere om. Heldigvis har gruppa klart å halde trening i gang og heldt seg greitt saman etter forholda.

Fin og samansveisa gruppe som har det fint sosialt.

Dette er vel det viktigaste å rapportere om for året 2020. Vi får håpe at 2021 blir noko betre.

Treningsåret 2020. Sprintgruppa. Trenar Karl Børre Davidsen-Flatås

Etter covid-19 kom i mars blei vi tvunge til å trene alternativt nokre månader framover. Utøvarane trena etter program så godt det lét seg gjere til litt variert resultat.

Nytt av året er at det har kome nye utøvarar inn i gruppa. Fleire av desse har kome frå Unni si gruppe og det har ført til at gruppa har blitt meir reindyrka og alle har ambisjonar, noko som har smitta positivt over på gruppa, og den si utvikling.

Når det gjeld resultat har det vore få stemne i år, fram mot Jr. NM som heldigvis blei noko av. Dei fleste hadde brukbare resultat der.

Ein som har hatt fin framgang i år er nykomaren Theodor Walderon. Fin pers på 200 m med 23.00.

Utover det har Stephan S. K. slitt med skadar.

Etter jr. NM tok gruppa treningspause.

Nokre utfordringar venter til 2021, men vi håpar i alle fall på fleire stemne.

Sportsleg oppsummering av treningsgruppe Sprint – Trener Asle Offerdal

2020 har heilt klart vore utfordrande med tanke på covid-19-restriksjonane, som i stor grad har prega året.

Eg starta året med å utvide talet på økter frå to til fire per veke. Dette på grunn av ei auke i talet som deltok på øktene, ønskje om fleire økter hos fleire og fordi nokon ville ha meir fokus på kortsprint og andre langsprint. I tillegg til tysdag og torsdag så utvida vi til måndagar og laurdagar.

Som nemnt har det vore ei auke i talet som ønskjer å delta i gruppa. Totalt er det 27–28 personar som har vore innom gruppa i løpet av 2020. På grunn av strenge restriksjonar for fellestrening er det dessverre mange som har falt frå i gruppa. Det er 9–10 som har deltatt regelmessig på øktene. Vi har delt oss opp i små grupper og trent ulike stader, i perioden med strengast restriksjonar. Dette har fungert fint, men det er sjølvstort stor frustrasjon i gruppa over mangel på tilgang til Bislett stadion.

Eg har prøvd å halde kontakten med mange i gruppa for å oppmuntre dei til å fortsette. Vi får sjå om det har gitt resultat når vi forhåpentlegvis opnar opp igjen i løpet av våren.

Det er fleire i gruppa som har hevda seg svært bra i 2020. Den eine veteranutøvaren (Rolv Kristian Heitmann) klarte kravet på 100 m med eit glimrande løp på 11:24. I tillegg har ein annan veteran (Rune Liholt) sett to norske rekordar i sin klasse (M40–44). I tillegg er fleire av dei andre i ei veldig bra utvikling og det blir svært spennande å sjå kva dei er i stand til å springe på i 2021.

Hovudfokus på øktene har vore på kort- og langsprint. På grunn av stor spreing i nivået blant deltakarane har øktene blitt tilpassa slik at alle får kjensla av utvikling ved å delta. Det har i periodar vore utfordrande å vere aleine som trener for ei gruppe som på det meste har bestått av 15 utøvarar på øktene. Det hadde vore ein stor fordel om gruppa kunne bestått av to trenarar, slik at gruppa kan delast inn etter nivå. Det har på eit vis fungert hittil fordi vi har måtte dele oss opp i små grupper delar av året, men dette vil kunne bli ei stor utfordring når vi opnar opp igjen og eg håpar leiing i BUL kan kome med innspel til korleis vi kan løyse dette.

Sportsleg oppsummering 2020 – Ungdomsgruppe 15–19 år, hopp-sprint-hekk (Trener Unni Helland)

Gruppa har bestått av ca. 25 stykk gutar og jenter med litt blanda nivå og innsats på trening. Det har vore eit vanskeleg år med pandemien som utfordring. Resultatmessig har det vore mykje bra, men altfor mange av dei aller beste har hatt skadeproblem over lengre periodar. Resultata har ikkje blitt som planlagt for dei som verkeleg satsar.

NM senior innandørs Bærum Idrettspark

Tinius Fremstad-Waldron nr. 7 60m flott pers 6.96 og 3 løp under 7.00 sek

UM innandørs i Bærum Idrettspark:

G-17 Sander Werge Nilsen nr. 4 tresteg

G18/19 Jonathan Holen nr. 3 60 m

Stafett 4x200m G-15/17 nr. 2 (Sander Werge Nilsen + 3 frå dei andre gruppene)

Stafett 4x200m G-18/22 nr. 2 (Theodore Fremstad-Waldron + 3 frå dei andre gruppene)

NM stafettar

Avlyst

NM junior i Kristiansand

M-U20	Anders Nikolai Bovolden	nr. 6	100 m
K-U20	Solveig Bustgård Gran	nr. 7	400 m
1000m stafett 18/22	Lag 1 nr. 4 (Anders N Bovolden + 3 frå andre grupper)		
	Lag 2 nr. 8 (Theodore Fremstad-Waldron + 3 frå andre grupper)		

UM Jessheim berre for 15–17 år (18/19 blei ikkje arrangert)

G-17	Sander Werge Nilsen	nr. 4	tresteg og nr. 7	100 m
G-15	Thai Drager	nr. 5	tresteg	
1000m stafett	nr. 5	(Sander Werge Nilsen + 3 frå dei andre gruppene)		

Lerøy-lekene for 13–14 år Distriktsmeisterskap for austlandet

J-13	Lilje Lopes Patey	nr. 1	60 m og 200 m, nr.6	i lengde
------	-------------------	-------	---------------------	----------

Oppsummering

Resultatmessig blei det ikkje dei store oppturane vi håpa på i meisterskapa. Det blei mange bra resultat og personlege rekordar av fleire i ein amputert sesong.

Av jentene så er det Solveig B. Gran som har vist bra framgang på 400 m som er svært lovande, hennar satsing på langhekk blei sett på vent då skade sette stopp for det.

Dei andre talentfulle i gruppa, som Anders Nikolai Bovolden, var skada heile vintersesongen. Per Tinius Fremstad-Waldrom, Jonathan Holen og Bereket Geda Wayu, har vore ute med skadar nesten heile sommaren, men har fått trent bra grunntrening.

Så har vi talentet Lilje Lopes Patey. 13 åringen har hatt ein flott sesong med å slette 3 gamle klubbrekordar: 200 m og 300 m frå 1969 og 400 m frå 1978.

Sportsleg oppsummering 04/05 Sprint, hopp og hekk. Trenar Julie Gaustad

Året starta bra før koronaens inntog med innandørssesongen og UM som eitt høgdepunkt rett før dei stengte ned. Kisha Ugland fekk 2 x 5 plass i lengde og 60 m hekk j 15, Trygve IIseng 5 x plass på 60 m hekk g 15 og Nicolas Eriksen ein fin 3. plass på 60 m hekk g 15. Saman med g 15/17 fekk også Nicolas og Simon Stornes sølv på 4 x 200 m. Dette må nok seiast å vere høgdepunktet, då dei veka etter stengte ned alt og vi var utan felles fram til mai.

Dei fekk eigentreningsprogram, men det varierte litt kor mange som følgde dette.

Sommarsesongen var spennande og ein del gode resultat for eksempel Simon Stornes (04) som sprang seg ned til 11.52 på 100 m, samt fine resultat av Kisha, Nicolas og Trygve.

UM utandørs var prega av årstida og blei stang ut for vår del, då både Simon Nicolas og Trygve hadde gode sjansar for medaljar, men det klaffa ikkje heilt. Koronaperioden har prega gruppa og ein del har falt av og er litt mindre på trening. Spesielt mot slutten av året då det blei kaldare og kaldare ute var det ein del som i utgangspunktet er svært talentfulle som ikkje møtte opp. I utgangspunktet ei gruppe med utøvarar med talent og godt miljø.

Mot slutten av året/hausten har det variert mellom 3–5 stykk på trening, og det er gjerne dei gjennomgåande kjerneutøvarane Simon, Trygve og Ariand Shegani. Det har prega sterkt på motivasjonen at vi ikkje har fått trent innandørs, og håpar fleire kjem tilbake på trening når dette er mogleg.

Sportsleg oppsummering 2020. Treinar Magnus Kringstad

I gruppa som eg har ansvar for, har vi no medlemmer i alderen 14–19 år (f. 02–07). Det er stor variasjon i kor mykje dei ulike utøvarane satsar, og kor ofte dei kjem på trening. Den mest ivrige delen av gruppa, som kjem på alle øktene, utgjør 4–5 utøvarar. Totalt sett består gruppa av 20 aktive medlemmer, der dei resterande enten kombinerer friidrettstreninga med andre idrettar, eller ikkje trener like konkurranseretta, og derfor ikkje møter på alle treningar.

Året 2020 har treningsmessig gått relativt fint med tanke på situasjonen. Enkelte har nok faktisk også hatt ein viss fordel av å ha det litt rolegare med konkurransar og ting som skjer, sidan dette har ført til god kontinuitet og progresjon i treningsarbeidet. Samtidig har det naturlegvis vore utfordrande i periodar, blant anna å trene utandørs vinterstid.

Her er eit nærmare innblikk i utviklinga til dei utøvarane som har deltatt på flest konkurransar, for på best mogleg måte å oppsummere korleis 2020 har gått, reint sportsleg.

Adrian Stene Olsen (f.05): Kom frå Ski IL, og begynte å trene med oss hausten 2019. Hatt jamn og fin øking i treningsmengd, utan store oppbrot undervegs. Persa frå 2.15,3 til 2.06,0 på 800 m og 4.44 til 4.23 på 1500 m. Også sprunge 3000 m for første gong, på 9.30.

Aurora Langbakk (f.07): Kombinerer friidrettstreninga med langrenn, og er derfor ikkje med på alle fellesøktar. Persa frå 1.47 til 1.38 på 600 m, og 5.06 til 4.50 på 1500 m. Var også med på 800 m for første gang, der ho sprang på 2.22.

Cathrine Grønbech (f.04): Hatt veldig god kontinuitet, utan skadar og sjukdom som har forstyrra treningsarbeidet nemneverdig. Også hatt god utvikling på resultatsida. Persa frå 2.35,3 til 2.29,2 på 800 m, frå 5.36 til 5.22 på 1500 m og frå 52,15 til 51,38 på 300 m hekk.

Hamza Mohammad (f.02): Begynte å trene med oss vinteren 19/20, etter hovudsakeleg å ha trent sprint i andre grupper tidlegare. I løpet av året sprang han seg ned frå 62,4 til 57,9 på 400 m, frå 2.14,7 til 2.07,8 på 800 m, i tillegg til å ha sprunge 1500 m på 4.33 og 3000 m på 9.53.

Sean Bloom (f.04): Starta å trene med oss i mai, utan å ha drive med friidrett tidlegare, og viste allereie på første trening at han hadde god fart i beina. Etter berre 3 månadar med trening sprang han gjennom utandørssesongen inn til 12,12 på 100 m, 23,87 på 200 m, 53,04 på 400 m, og 2.09 på 800 m.

Tora Grieg-Cappelen (f.05): Slitt en del med skadar, som har gjort det utfordrande å trene optimalt og konkurrere som planlagt. Har likevel fått gjort mykje alternativt, og mot slutten av året blei det

heldigvis meir og meir normal løpstrening. Sprang totalt tre konkurransar, der første 800 m på over 7 månader blei sprunge i UM-finalen på Jessheim. 4. plass og like bak pers var årets høgdepunkt.

Sportsleg oppsummering for 2014/2015-gruppen - Theodore Fremstad-Waldron og Luca Thompson

2014/2015-gruppen starta opp med treninga i august 2020. Dette var ei heilt ny gruppe, så det tok noko tid for både trenarar og utøvarar å bli kjent med kvarandre, og dette skapte litt usikkerheit, spesielt på den aller første treninga. Vil seie dette gjekk seg relativt fort til, og vi kom inn i gode treningsrutinar etter kvart.

Vi skjønnte fort at om vi skulle klare å oppretthalde ein viss orden og struktur, måtte utøvarane ha ein fast rytme og rutine å halde seg til. Denne rutinen bestod i éin runde jogg i bane 1, tøyning, litt enkel drilling i form av bl.a. dyrerørsler, og deretter stafettar og leikar, stort sett basert på springing, og av og til hopping. Denne rutinen fungerte veldig bra fant vi fort ut av, og derfor er dette slik dei fleste treningane ser ut for 2014/2015-gruppa. Variasjonen kjem altså då inn i kva øvingar og leikar vi gjer, mens sjølve hovudstrukturen for økta er den same frå veke til veke.

Døme på leikar vi har hatt med utøvarane er «hauk og due», «politi og tjuv», «raudt og grønt lys» og «haien kjem». Dette er leikar som vi merkar at dei meistarar betre og betre for kvar gong, og samspelet mellom utøvarane blir også utvikla under utføring av desse leikane. Når utøvarane blir betre kjent med kvarandre, gjer dette at atmosfæren på trening blir betre både for dei og for oss, og det blir lettare å ha det skikkeleg gøy.

Det var ikkje så altfor mange økter vi fekk på innandørsbanen, men då vi slapp til, nytta vi høvet til å hoppe litt lengdehopp for gøy; også for at utøvarane skal få kjennskap til denne friidrettsøvinga. Både stille lengde og lengde med tilløp var noko dei meistra overraskande bra, og det var også tydeleg å sjå at utøvarane følte meistring under utføringa av disse øvingane. Lengdehoppinga er derfor noko vi heilt klart kjem til å vidareføre på innandørsøktene, og også utandørs, når vêret tillèt det utpå våren. Slik spesifikk aktivitet ser ut til å stimulere utøvarane på eit anna plan enn det leikane nemnt i avsnittet over gjer, så det er godt å få nokre slike økter innimellom.

Når det gjeld oppmøte på trening har deltakartalet avtatt noko med tida. Dette trur vi skyldast både koronasituasjonen, og at det har vore mange kalde utandørstreningar i vinter. Vi prøver å legge til rette for at alle utøvarane skal trivast så godt som mogleg på trening, og dette trur vi at vi har lykkast relativt godt med. Frå tid til annan er det visse utøvarar som ikkje vil delta på nokon øvingar og leikar, men det har endå ikkje utvikla seg til noko utprega problem per i dag.

Alt i alt blir situasjonen i 2014/2015-gruppa opplevd som bra, og vi meiner også at vi skal ha kapasitet til å ta inn fleire utøvarar.

Sportsleg oppsummering av treningsåret 2020 – Anne Marie Meyer og Kristin Fagerli

Treningsåret 2020 var preget av koronapandemien. Frå mars 2020 blei det ikkje lenger tillate å trene inne, og Bislett var også ein periode stengt ned på lik linje med treningssentera før det ble opna igjen for trening ute på banen med strenge smittevernsreglar. Trening ute har av og til vore utfordrande når det har vore kaldt og dårleg vêr.

For barnegruppa har det stort sett gått greitt, då det ut på hausten blei opna for innandørstrening, men då Oslo i november 2020 igjen stengte for innandørstrening, har det vore få som har møtt på

trening, sjølv om talet på frammøtte har variert frå 5 til 10 stykk. Fråværet kan også til ei viss grad skyldast smittesituasjonen i Oslo som økte igjen på hausten.

Når det gjeld sjølve treninga har vi i barnegruppa 2013 hatt ein del hinderløype, hekkeløp, leik, lengdehopp når dette har vore mogleg, drill og andre øvingar. Vi har lagt vekt på å trene barna i uthald, styrke og balanse, noko dei har gitt uttrykk for å ha likt og hatt god nytte av. Dette er noko vi vil fortsette med.

Sportsleg oppsummeringa av gruppe 2011–12 og 2009–10.

Trenarar - Solveig Gran, Felix Christensen og Rashida Akpana Assa

Vi begynte hausten med Solveig og Felix som nye trenarar for gruppa 2009–10.

Pga. korona har talet på deltakarar vore viktig å notere seg. Vi har brukt Gnist-appen som har gjort det enklare for oss å halde styr på kven som er borte. Vi har haldt avstand og delt gruppene inn i mindre grupper. Fordi er det veldig kaldt ute, er det færre som deltar på treningane.

Vi har fokusert ein del på det tekniske ved oppvarming og ved sjølve økta. Vi har prøvd å balansere val av øving med kva nivå barna er på. Dette har vi gjort i begge gruppene (2011–12 og 2009–10). For dei yngste har vi avslutta treningane med ein ønska lek. Gruppa har blitt meir mottakeleg for nye utfordringar og mange har vist framgang. I den eldre gruppa har dei vore supermotivert sjølv i det dårlege vêret. Dei er flinke til å jobbe saman og ønsker stadig å bli utfordra meir.

Sportsleg oppsummering av treningsgruppe 2008.

Trenarar - Stephan Kyeremeh, Udoka Madu, Helene Sletteng Berge og Rachael Velois Eide.

Hausten 2020 kom Stephan inn som ny trenar for gruppa. Naturlegvis er det forskjellige nivå i gruppa, der nokre kjem på trening mest for det sosiale medan andre ønskjer å bli gode i friidrett. Dei fleste i gruppa kjenner kvarandre og/eller går på skule saman, så miljøet blant dei er ganske bra. Litt utfordrande er det når nokon få i gruppa mistar konsentrasjonen og drar med seg dei andre. Det var ein del som var med på stemnet klubben arrangerte i haust, og vi såg at dei likte å konkurrere. Vi la spesielt merke til korleis gruppa heia på kvarandre, noko vi trenarar syntest er svært positivt. Elles har vi eit fokus på å tilby variert trening slik at utøvarane kan få testa ut dei forskjellige øvingane og finne ut kva dei likar.

Sportsleg oppsummering gruppe 2006–07.

Trenarar – Stephan Kyeremeh, Udoka Madu, Luca Thompson og Edem Agbo

For gruppa 2006–07 har 2020 vore litt annleis enn tidlegare år. Dette er med tanke på korleis vi har trent, i og med at vi har vore utandørs det meste av året. Trening som involverer akselerasjon/ blokkstart og hekk, samt tekniske øvingar som lengde og tresteg, har vore vanskeleg å utføre den siste delen av året på grunn av forholda utandørs.

Likevel har vi tatt i bruk dei ressursane vi har hatt til å fokusere på meir grunntrening og løpsteknikk. Gruppa har også blitt meir satsingsorientert, der fleire av utøvarane i stor grad viser interesse for å

bli gode i friidrett. Her er det verdt å trekkje fram Tida, Nora, Eden, og Adrian som har lagt inn godt arbeid og har hatt stor forbetring det siste året. Dei som er fødd i 2006 er no gamle nok til å vere med i UM, og dette har dermed blitt eit naturleg mål for det komande året.

Langrennsåret 2020

Dette var ein mellomsesong utan meisterskap. Derfor var Tour de Ski, Ski Tour (i Sverige og Noreg) og Ski Tour Canada dei største hendingane. Sjølv sagt var samanlagtresultatet i verdscupen eit mål i seg sjølv.

Rett før Tour de Ski blei Heidi matforgiftet under ei høgdesamling i romjula 2019. Ho gjekk derfor inn i Tour de Ski med tomme lager. Det er ingen god start med mange konkurransar i strekk. Ho enda på 4. plass som var langt frå målet.

Ski Tour (Sverige/Noreg) blei langt betre. Ho blei nr. 2 på 4 distansar, nr. 3 ein dag og nr. 6 på klassisk sprint i Trondheim. Totalen blei bra. Ho blei til slutt nr. 2.

Ski Tour Canada blei avlyst pga. pandemien. Dårleg kommunikasjon internt i Skiforbundet gjorde at Heidi og Ragnhild Haga tok den unødvendige lange turen til Canmore i Canada berre for å returnere heim igjen.

Heidi blei nr. 2 samanlagt i verdscupen sesongen 2019/2020. Ho presterte jamt utan å få til eit spesielt storløp.

Treningsperioden vår, sommar og haust 2020 blei annleis pga. pandemien. Heidi hadde planlagt mykje høgdetrening med tanke på OL 2022. Alle planlagt samlingar blei avlyste. Einaste erstatning vi fekk til var ei veke på Juvasshytta. Det vart ei fin veke med berre godvêr. Elles blei det mykje aleinetrening. Mange av NSF landslagssamlingar blei avkorta og på samlingane var det lite fellestreningar.

November og desember bar preg av pandemien. Einaste WC-renn norske utøvarar fekk gå var i Ruka, Finland. Der blei Heidi sjuk og stod utan poeng i verdscupen ved årets utløp.

Dei nasjonale renna i november og desember gjekk greitt. Spesielt på Natrudstilen, Sjusjøen, gjekk Heidi bra teknisk og var i god fysisk form.

Ole Morten

Oppsummering av året 2020 i BVT-gruppa

Planane var store. Ny barnegruppe skulle starte opp rundt påska. Fotball hadde opplevd stor vekst i 2019 og var klar for ny sesong med store kampar i vente i Stjerneserien. Saman med handballaget hadde vi gleda oss til å reise saman på cup i Drammen og Fredrikstad, VIVIL-lekene og Landsturneringen i Kristiansand. Vi var klare for dugnad under Sentrumsløpet og Oslo Maraton.

Vi ante ugler i mosen sjølv om sesongstarten i januar og februar gjekk som normalt. Ein dag før årets første turnering den 7. mars kom det første skikkelege slaget i trynet. Cupen var avlyst pga. korona. Fem dagar seinare, ein liten time før handball og fotball skulle møtast til ny trening, kom beskjeden frå BUL-styret om at all trening måtte stoppe.

Vi fekk sendt ut beskjed til mange, men følelsen av å stå i døropninga på Nordpolen Skole med beskjed om at alle måtte snu var kjedeleg.

Tida gjekk. Alt av tilbod blei stengt, og telefonane frå utøvarane var mange. Sagn var ordet som gjekk igjen. Først i juni fekk vi lov av myndigheitene til å starte opp igjen. Informasjon på informasjon om smittevern og om alle forandringane som ville møte dei blei gjennomgått fleire gangar før første trening. Med kohort, avstand og antibac var vi klar. Ei enorm glede over å kome i gang, men ei rar oppleving å måtte minne utøvarane på avstand til ei kvar tid. Vi fekk halde på med trening fram til november. Gjengen blei vant til alle reglane. Ting gjekk bra. Men igjen blei det stengt for handball og fotball, og sesongen 2020 blei avslutta utan ein einaste fotballkamp og handballkamp. Det er per dags dato 15 månadar sidan sist gang dei fekk spelt ein skikkeleg kamp. Det har vore vanskeleg for mange, men all honnør til trenarar, foreldre og utøvarar som stilte opp med godt humør og motivasjon gjennom det som blei ein rar og på mange måtar trist sesong, nesten utan aktivitet.

I september fekk vi endeleg, noko forsinka, starta opp med barnegruppa BUL Ung. Mykje arbeid var lagt ned og ein rekrutteringsjobb som til tider var tung. Gruppa fekk 8 treningar før dei også måtte ta tidleg juleferie pga. ny smittebølge. Det har vore ein spennande oppstart, sjølv om vi framleis saknar fleire deltakarar. Foreldre har skrytt av tilbodet og har vist glede for at BUL kom med eit slikt tilbod. Vi satsar på at vi skal få skikkeleg grobotn i 2021 slik at denne gruppa kan vekse.

Vi har i år flytta oss frå Nordpolen Skole til Kuben. Der har vi fått ein flott og stor hall for handball- og fotball-gruppa. I tillegg fekk vi plass til barnegruppa der, i ein mindre sal.

Sjølv om 2021 har vore prega av lite aktivitet, ser vi forhåpentlegvis lys i enden av tunnelen.

Kjetil Myklebust

Årsmelding 2020, Idrottslaget i BUL, Attestert

Styret, 02.03.2021

Håvard Hasås, Styreleiar

Pål Johannes Larsen, Nestleiar

Nadia Akpana Assa, Medlem/ungdomsrepresentant

Ellen Skarpen, Medlem

Samuel B Elonga, Medlem

Årsmelding for målnemnda i Bondeungdomslaget i Oslo 2020

På det utdrygde årsmøtet i Bondeungdomslaget i Oslo (BUL i Oslo) 17. juni 2020 vart Håvard Tangen, Marie Nicolaisen og Olav-Johan Øye valde inn i målnemnda til laget.

Arbeidet har først og fremst vore knytt til aktivitetane og samarbeidspartnarane til laget. Vi samarbeider med andre lag og organisasjonar om ulike tiltak i Oslo, mellom andre Fylkesmålslaget Vikværingen.

Vi skulle gjerne hatt fleire med i nemnda, og fleire medspelarar i laget og forretningane, og dermed fått gjort meir. Men vi har møtt mykje velvilje for målarbeidet.

I 2020 har aktiviteten i målnemnda vore svært avgrensa grunna korona-krisa. Vi har i stor grad skipa til og støtta fysiske aktivitetar i tidlegare år, men det har i lita grad vore råd i 2020.

Målbruken i laget

Nynorsk vert framleis brukt på ein god måte på nettsidene og Facebook-sidene til Bondeungdomslaget, Songlaget, Teaterlaget, Leikarringen og Nynorskens hus. Dette er av verdi for å ta vare på det nynorske språket i laget, og har noko å seie for å gjere nynorsken synleg i kulturarbeid i Oslo.

Målnemnda oppmodar særlega om å bruke nynorske tekster når stykke og repertoar vert valde, og i kommunikasjon elles.

Arbeidet til målnemnda for anna verksemd i laget

Vi minner om at målnemnda kan vere til hjelp når det gjeld praktisk rådgjeving i laget. Vi kan etter kvart tilby kurs når vi veit at vi kan få deltakarar etter å ha gjort konkrete avtalar med særslag og styre. Hjelp til språkvask og korrekturlesing er det òg mogleg å få av oss i målnemnda.

Målbruken i forretningane

Vi er glade for at Hotell Bondeheimen og Kaffistova sluttar opp om nynorsken. Då forretningane har vore råka av pandemien, har vi ikkje oppmoda dei om noko særskilt i 2020.

Tilskipingar i Nynorskens hus

Nynorskens hus evnar å samle interesse og ein god del merksemd, og trekkjer til seg mange interesserte. Det har vist seg å vere eit godt grep for å fremje nynorsk i laget og utetter.

Planar for ein konsert med tekster av Jan-Magnus Bruheim og ein eigen Jakob Sande-kveld har vore oppe, men det har ikkje lukkast oss å setja desse planane ut i livet.

Vi har ikkje kunna gjennomføre noko møte i Nynorskens hus i 2020. Vi håpar at aktiviteten i Norskens hus kan ta seg opp att etter kvart som vaksininga får verknad i samfunnet.

Andre tilskipingar og tiltak

Norsk målstemna laurdag 29. august 2020 hadde Hans Henrik Holm og Olav H. Hauge til emne. Det var ei vellukka tilskiping i Berner-kjellaren på Litteraturhuset i Oslo. Innleiingane var ved Anders O. Søyseth, Cornelius Jakhelln, Ronny Spaans og Klaus Johan Myrvoll. Håvard Tangen var ordstyrar. På dette tidspunktet let det seg gjere å få til ei tilskiping der folk kunne møtast fysisk, men med fråstand mellom kvar einskild møtedeltakar som sat i salen.

Målnemnda tok rekninga for honorar og reise for forfattar Cornelius Jakhelln som kom heile vegen frå Kristiansand. Sundag 30. august vart alle møtedeltakarane bedne heim til familien Skaar Munkvold i Svartskog (Nordre Follo kommune) med mat, samvære og uformelt måldrøps.

Målnemnda har vore medtilskipar av målstemnene nokre år.

Håvard Tangen har elles skrive eit utkast til fråsegn frå styret i Bondeungdomslaget i Oslo om ei ny norsk språklov.

Verv

Medlemmene i målnemnda har i 2018 hatt verv i målrørsla, Olav-Johan Øye som styremedlem i Bondeungdomslaget i Oslo, og Håvard Tangen som kassestyrar i Fylkesmållaget Vikværingen.

Visjon

Målnemnda ønskjer å ta vare på den nynorske delen av kulturarven, og vil arbeide for å gje rom til nynorsk i Oslo og gjere det lettare å vere nynorskbrukar i hovudstaden. Vi ønskjer at det vert fleire nynorskbrukarar i Oslo.

Vi vil motivere til god nynorsk i forretningane og lagsarbeidet til Bondeungdomslaget, og samarbeide med nærskylde organisasjonar om nynorsk kulturarbeid.

For målnemnda i Bondeungdomslaget i Oslo

Olav-Johan Øye

31. januar 2020

ÅRSMELDING FOR BONDEHYTTA 2020

2020 var eit år med relativt lågt aktivitetsnivå for styret grunna korona-restriksjonar, hytteforbod og liknande. Det vart likevel gjort ein god del. To nye toalett av typen snurre-dass stod klare til bruk i byrjinga av mars. Arbeidet med å installere desse vart gjort av firmaet Tømremester Kjetil Eriksen AS, og planen var at dei skulle være klare i 2019. Men fordi firmaet trengte ein murar til jobben, og denne var opptatt på andre prosjekt, og også fordi køyreforhald til tider var utfordrande vinteren 2019/2020, så vart ikkje jobben avslutta før i 2020. Etter at firmaet var ferdige, hadde hyttestyret ein dugnad kor vi fiksa nokre mindre ting i samband med do-jobben, og opna toaletta for bruk. Seinare fekk golvet ved toaletta tre ekstra strøk med lakk, slik at det no er enklare å halde reint. Vi var ikkje like nøgde med arbeidet utført av Kjetil Eriksen AS denne gongen som vi har vore før, men resultatet har blitt bra til slutt. Dei nye toaletta har kvite toalettstolar som ser ut som vanlege vassklosett, og brukarane av hytta treng no ikkje lenger å tømme toaletta etter å ha vore på ein hyttetur. Styret håpar at dette vil gjere det meir attraktivt å bruka hytta.

Ein del av det elektriske anlegget på hytta vart også oppgradert i 2020. Vi måtte ha elektrikar til å installere lys og vifte ved dei nye toaletta, og etter el-inspeksjon i 2019 måtte vi også ha elektrikar til å tette rundt kabelinnføringar på sikringsskåpet. Vi nytta høvet til samstundes å bytte alle sikringane til nye automatsikringar, og fekk installert to nye sikringskursar i hytta. Den eine dekkjer no halve storstova og hemsens, medan kjøkkenet som før var på same kurs, no har sin eigen. Dette gjer at det no går an å ha ein elektrisk omn på 2000 watt på stova/hemsens, samstundes med kaffitraktar eller vasskokar på kjøkkenet.

Vi har også sett i drift «ring-hytta-varm» på veslestova, slik at nokon i hyttestyret no kan skru opp varmen når folk vil opp på hytta. Denne er kopla til ein ny panelomn på 2000 watt, og her er den andre nye sikringskursen.

Hytta var lite i bruk i 2020. Ho var stengd i byggjeperioden for toaletta, og så kom pandemi og hytteforbod i mars. Det var hovudsakeleg folk frå dansemiljøet i BUL / BLS som nytta hytta (3-4 helger), og ingen eksterne utleige.

Styret hadde to dugnader; ein i samband med fullføringa av do-jobben og ein rydde/ordne dugnad kor vi også planla nye plakatar med instruksjonar for brukarane av hytta. Desse er no på plass. Elles har enkeltmedlemer av hytta vore oppe og gjort ymse arbeid, som lakking av golv ved toaletta og beising av uthuset. Det siste er ikkje ferdig enno. Vi arbeider også med eit elektronisk meldeskjema for å få betre oversikt over bruken av hytta. Styret var også representert på ein av vegdugnadene i Ørfiske Vel.

Styret har i 2020 hatt desse medlemene:

Øystein Gammersvik (leiar)

Rune Bergwitz

Klas Ekeland

Astrid Skrindo

Anne Cathrine Johansen

22. februar 2021

For styret for Bondehytta

Øystein Gammersvik



Røkleivhytta

Årsmelding 2020

Hyttestyret har vore samansett av Gudrunn Folkedal, Sveinung Helgheim, Olaf Almenningen, Leif Halvard Silli og Tormod Bønes (leiar).

På grunn av pandemien har Røkleivhytta vore mindre brukt enn åra før, både av lagsfolk og leigetakarar. Likevel er det notert 43 gjestedøgn og 256 gjester i 2020, men vi har teke imot fleire bestillingar som er blitt avlyst på grunn av sosiale restriksjonar. Men i jula var der ein heil familie, så hytta blei pynta med tre frå eigen skog, og ei gruppe var der også i nyttårshelga.

Det er Lagskontoret som har ansvaret for bestillingane, medan det er Hyttestyret som har ansvaret for alt tilsyn.

Den planlagde 100-årsmarkeringa for Røkleivhytta blei utsett på grunn av pandemien.

Vedlikehaldsetterslepet på Røkleivhytta har som kjent vore stort. Planlagt oppgradering i 2020, som til dømes skifte av tak på uthuset, blei diverre ikkje utført på grunn av sjukdomsfråver hos den engasjerte tømmermeisteren. Derimot er hytta og uthuset blitt godt reingjort, alle vindauge blitt vaska, nokre nye gardiner sydde og ikkje minst - alle gardinene er blitt vaska. Arbeidet med gardiner og vask av vindauga blei utført av Bjørg Kirsti Myklebust.

Utskifting og transport av komfyr inn til hytta via Tryvannstua blei forsinka to gonger i desember. Komfyren kom ikkje på plass før 22. desember etter ein litt dramatisk tur med bil og snøskuter. Og atter ein gong stilte Bymiljøetaten opp for oss.

For Hyttestyret Røkleivhytta

Tormod Bønes

ÅRSMELDING 2020 FRÅ RÅDET I BONDEUNGDOMSLAGET

Oppgåvene til rådet er å ha tilsyn med økonomien i Bondeungdomslaget, særlega og økonomiske tiltak som laget eig eller er med i. Rådet skal gje tilråding om lagsbudsjettet og rekneskapen etter § 10 i lagslova. Det er rådet som gjer vedtak om konsernrekneskapen for Bondeungdomslaget på grunnlag av rekneskapane for dotterselskap og årsmøtevedtak om rekneskapen for laget og særlega. Rådet gjev elles tilråding i andre saker som styret legg fram, og i saker som rådet meiner er så viktige at rådet tek dei opp av eige tiltak. Rådet er, saman med lagsstyret, generalforsamling for Bøndernes Hus AS.

Sidan rådet blei valt i juni 2020 har dei hatt tre møte i arbeidsåret 2020–2021. Merk at det førre rådet måtte ha eit ekstra møte våren 2020, grunna utsetting av årsmøte. På desse tre møta har det til saman vore 20 postar på saklista. Det har vore greitt oppmøte, der rådet har vore vedtaksført på to av tre møte.

Desse har sete i rådet i arbeidsåret 2020–2021:

Kari Bjørke (leiar), Magnhild Kaasin, Sveinung Helgheim (skrivar), Samuel Blessing Elonga, Vigdis Rønning, Kjell Arve Straumsvåg, Karianne Johansen, Olav Kårevik, Kari Aniksdal (1. vara).

Olav Kårevik var eigentleg valt til 1. vara, men på årsmøtet blei det med eit uhell berre valt 7 medlemmer til rådet, ikkje 8. Dette hang saman med bortgangen til Trond Reitan i førre arbeidsår.